2.9	Spørsmål 9: Finansiering	13
2.10	Spørsmål 10: Lokal enøk-ansvarleg	13
2.11	Oppsummering av intervjuundersøkinga	14
3	Resultat frå enøk-kartlegginga i kyrkjene	16
3.1	Kyrkjene i Møre og datatilfanget i enøk-kartlegginga.....	16
3.2	Kor representative er dei registrerte kyrkjene for kyrkjene i Møre?	16
3.3	Oppvarma areal i kyrkjene og volum og installert effekt i kyrkjerommet	19
3.4	Oppvarmingseffekt i kyrkjerommet i høve til oppvarma volum	22
3.5	Kviletemperatur, brukstemperatur og oppvarmingstid.....	23
3.6	Oppvarmingstid og -hastigheit i høve til installert varmeeffekt	26
3.7	Årleg energiforbruk i kyrkjene.....	27
3.8	Forbruk pr. kvadratmeter oppvarma areal i 2017.....	30
3.9	Energiforbruk i høve til aktivitet.....	31
3.10	Varmeanlegg og varmestyring	35
3.11	Inneklima og inventar.....	37
3.12	Behov for nye varmeanlegg.....	39
3.13	Aktuelle enøk-tiltak	39
3.14	Oppsummering av enøk-kartlegginga	40

4	Vegen vidare	42
4.1	Kva kan bispedømet gjere?	42
4.2	Kva kan prosjektgruppa gjere?	42
4.3	Kva kan dei kyrkjelege fellesråda gjere?	43
	Vedlegg 1: Intervjuguide	45
	Vedlegg 2: Adresseliste for kyrkjeverjene i Møre	46
	Vedlegg 3: Enøk-intervju – samletabell	47
	Vedlegg 4: Skjema for kartlegging av kyrkjene sin bruk, energibruk og inneklima	62
	Vedlegg 5: Data frå innsendte kartleggingskjema	64

Figurliste

Figur 1	Prosjekt- og framdriftsplan for Enøk i kyrkjene i Møre	8
Figur 2	Prostivis oversikt over talet på kyrkjer totalt, enøk-registrerte kyrkjer og kyrkjer med oppgitt årsforbruk for energi.	17
Figur 3	Tal kyrkjer totalt og enøk-registrerte i dei ulike vernekategoriane	17
Figur 4	Kyrkjene etter byggemateriale (tre og mur). Totalt og enøk-registrerte	18
Figur 5	Oppvarma areal i kyrkjene (m ²). 71 kyrkjer	19
Figur 6	Oppvarma volum i kyrkjerommet (m ³). 63 kyrkjer	20
Figur 7	Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet (W). 54 kyrkjer	21
Figur 8	Installert oppvarmingseffekt pr. m ³ volum i kyrkjerommet. 54 kyrkjer	22
Figur 9	Kviletemperatur (mørkeraud søyle) og temperaturauke opp til brukstemperatur (lyseraud søyle) i kvar kyrkje. Dei to søylenes til saman viser brukstemperaturen i kyrkja. 79 kyrkjer	23
Figur 10	Oppvarmingstid for kyrkjerommet i timar ein kald vinterdag (< -5 °C). 75 kyrkjer.	24
Figur 11	Oppvarmingshastigheit som funksjon av oppvarmingstid og temperaturdifferanse mellom kvile- og brukstemperatur (timar pr. °C). 75 kyrkjer	25
Figur 12	Oppvarmingseffekt pr. m ³ volum i kyrkjerommet (W/m ³) samanlikna med oppvarmingstid i timar frå kviletemperatur til brukstemperatur. 52 kyrkjer	26
Figur 13	Oppvarmingseffekt pr. m ³ samanlikna med oppvarmingshastigheit i timar pr. °C. 52 kyrkjer.	26
Figur 14	Samla årleg el-forbruk for 35 kyrkjer i perioden 2013-2017	27
Figur 15	Samla energiforbruk pr. kyrkje (el og fjernvarme) i 2017 (kWh). 75 kyrkjer.	29
Figur 16	Energiforbruk pr. kvadratmeter oppvarma areal i kyrkjene i 2017 (kWh pr. m ²). 64 kyrkjer.	30
Figur 17	Sum aktivitetar samanlikna med energiforbruk pr. aktivitet i 2017. 70 kyrkjer.	32
Figur 18	Sum brukstimar samanlikna med energiforbruk pr. brukstime i 2017. 70 kyrkjer.	34
Figur 19	Type varmeanlegg i kyrkjerommet. Prosent. 84 kyrkjer.	35
Figur 20	Svar på spørsmålet: "Gjennomførast det brukstilpassa oppvarming? Viss ja; korleis?" Prosentfordeling. 83 kyrkjer	36

Tabelliste

Tabell 1	Arealdata. Oppvarma areal i kyrkjene. 71 kyrkjer.	19
Tabell 2	Volumdata. Oppvarma volum i kyrkjerommet. 63 kyrkjer.	20
Tabell 3	Effektdata. Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet. 54 kyrkjer.	21
Tabell 4	Oppvarmingseffekt pr. m ³ i kyrkjerommet. 54 kyrkjer.	22
Tabell 5	Temperaturfordelinga for kviletemperatur (til venstre) og brukstemperatur (til høgre).	24
Tabell 6	Sum el-forbruk i 35 kyrkjer i perioden 2013-2017. Faktisk forbruk og graddagskorrigerert.	27
Tabell 7	Tabell: Registrert, samla energiforbruk for 75 kyrker i 2017, gjennomsnittleg forbruk for dei same kyrkjene og ekvivalent forbruk for 114 «gjennomsnittskyrkjer» i Møre.	28
Tabell 8	Samla energiforbruk i kyrkjene i 2017. 75 kyrkjer.	29
Tabell 9	Nøkkeltal for samla energiforbruk i 2017. 64 kyrkjer.	30
Tabell 10	Energiforbruk pr. aktivitet i 2017, totalt og i gjennomsnitt pr. kyrkje. 70 kyrkjer.	31
Tabell 11	Energiforbruk pr. brukstime i 2017, totalt og i gjennomsnitt pr. kyrkje. 70 kyrkjer.	33
Tabell 12	"Blir månadleg straumforbruk registrert og analysert?" 81 kyrkjer.	37
Tabell 13	"Blir inneklime registrert og analysert?". 81 kyrkjer.	37
Tabell 14	"Er det klager på inneklimeet?" 66 kyrkjer.	38
Tabell 15	"Er det oppsprekking/flassing på inventar; problem med orgel?". 70 kyrkjer.	38
Tabell 16	"Er det behov for ny oppvarming?" 62 kyrkjer.	39

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn og mål for prosjektet

«Klimamelding for Den norske kirke» vart vedteke av Kyrkjemøtet i 2015. På bakgrunn av konklusjonane i meldinga gjorde Møre bispedømeråd i møte 16.06.2017 - sak 33/17, vedtak om å etablere eit regionalt prosjekt i Møre med tittelen «Energiøkonomisering i kyrkjebygg i Møre bispedøme 2018-2020».

Målet med prosjektet er å redusere klimafotavtrykket for kyrkjene i Møre bispedøme, gjennom kartlegging av status og tilrettelegging av prosessar og rettleiing for endring av drift og for bygningsmessige tiltak.

Hovudlinene for innhaldet i prosjektet vart vedteke av Bispedømerådet i møte 26.02.2018 - sak 5/18. Bispedømerådet bad Stiftsdirektøren om å følgje opp vedtaket overfor prosjektgruppa og eventuelt inngå avtale om prosjektleiar innanfor ramma av godkjent budsjett.

1.2 Organisering av prosjektet og mandat for prosjektgruppa

I løpet av våren 2018 blei den nærare organiseringa av prosjektet avklart gjennom møte mellom Stiftsdirektøren og representantar for Møre bispedøme, Møre kyrkjevjerlag, KA og NTNU i Ålesund.

1.2.1 Styringsgruppa

Prosjektet skulle leiast av ei styringsgruppe med overordna fagleg og økonomisk ansvar for prosjektet, inklusive framdrift, rapportering og informasjon. Av ulike grunnar kom ikkje styringsgruppa i arbeid som planlagt. I praksis har prosjektgruppa rapportert direkte til bispedømerådet gjennom stiftsdirektøren.

1.2.2 Prosjektgruppa

Prosjektgruppa består av:

Marit Linberg, leiar (Møre Kyrkjevjerlag/kyrkjeverje i Tingvoll)

Per Fredrik Brun, sekretær (Møre bispedøme)

Harald Ringstad (seniorrådgivar for kyrkjebyggforvaltning i KA)

Max Ingar Mørk (førsteamanuensis i byggfag ved NTNU i Ålesund) er engasjert som prosjektrådgjevar.

Prosjektgruppa sitt mandat: Ansvarleg for å drive prosjektet. Dette gjeld økonomi og strategiske val i prosjektperioden. Prosjektgruppa rapporterer til styringsgruppa.

Rådgivar ved bispedømekontoret Tore Johan Øvstebø var med i gruppa fram til han gjekk ut i permisjon ved årsskiftet 2017/2018. Deretter har avdelingsleiar for kyrkjeliv, Arvid Helle, vore prosjektet sin kontaktperson på bispedømekontoret.

1.3 Prosjektplan

I saksutgreiinga til bispedømerådet (sak 5/18) vart det skissert ein prosjektplan i tre fasar, som prosjektgruppa har teke utgangspunkt i. Justert for den faktiske framdrifta og erfaringar undervegs, arbeider prosjektgruppa no etter følgjande plan (sjå også figur 1):

- Fase 1: Gjennomføre ei kartlegging av staus for enøk-arbeidet i Møre og ut frå dette velje ut eit knippe av fellesråd med særleg interesse for enøk-arbeidet og/eller aktuelle problemstillingar/prosjekt. Utvikle ein informasjonsstrategi for prosjektet.
- Fase 2: Nytte dei problemstillingane fellesråda har som basis for rettleiing om aktuelle strategiar, tiltak, tilskotsordningar og aktørar som kan bidra til tiltak for kvart bygg. Utvikle ei felles ressurside på Kirkebakken. Gjennomføre arbeidsverkstader med kyrkjevevjerjer og lokale ressurspersonar for å utvikle gode driftsrutinar for brukstilpassa oppvarming/energibruk.
- Fase 3: Følgje opp aktuelle fellesråd med dialog og assistanse/rettleiing. Følgje opp utvalde enøk-tiltak (pilotprosjekt) økonomisk og med rådgjeving.

Enøk i Møre Prosjekt- og framdriftsplan	2017	2018				2019			
	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.	1. kv.	2. kv.	3. kv.	4. kv.
<u>Fase 1:</u> Kartlegge enøk-status Velje aktuelle fellesråd Utvikle info-strategi									
<u>Fase 2:</u> Ressurside Kirkebakken Arbeidsverkstader Søke om prosjektmidlar									
<u>Fase 3:</u> Utgjeie pilotprosjekt Prosjektrådgjeving									

Figur 1 Prosjekt- og framdriftsplan for Enøk i kyrkjene i Møre

1.4 Gjennomføring av fase 1

Tore Johan Øvstebø utarbeidde hausten 2017 ei Questback-undersøking for å kartlegge status for enøk-arbeidet i Møre. Spørjeundersøkinga vart sendt elektronisk til dei 32 fellesråda i bispedømet. Diverre var det berre 7 fellesråd som svarte på undersøkinga, men desse svara gav likevel verdifulle innspel om typiske problemområde, aktuelle tiltak mv. som har vore til nytte i det vidare arbeidet.

Prosjektgruppa kom fram til at ei komplett kartlegging av status for enøk-arbeidet i Møre best kunne gjennomførast ved at gruppa sjølv tok kontakt og intervjuja kyrkjevevjerjene eller andre representantar for fellesråda på telefon.

Med utgangspunkt i Questback-undersøkinga utarbeidde prosjektgruppa ein intervjuguide med 10 kartleggingsspørsmål (sjå vedlegg 1). Gruppa delte fellesråda mellom seg slik:

Marit Linberg: Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti

Per Fredrik Brun: Domkirken prosti og Indre Romsdal prosti

Max Ingar Mørk: Nordre Sunnmøre prosti, Austre Sunnmøre prosti og Søre Sunnmøre prosti.

Intervjua vart gjennomført i andre halvdel av august og byrjinga av september 2018 (veke 33-36). På førehand vart det sendt ut informasjon om prosjektet til alle fellesråd. Representanten for prosjektgruppa tok så kontakt med den einskilde kyrkjevevja for å avtale tid for intervjuet. Avtalen vart stadfesta med ein e-post der intervjuguiden var vedlagt. Intervjuet vart så gjennomført etter avtalen. Etter dette sende representanten for prosjektgruppa ut eit kartleggingsskjema som kyrkjevevja vart beden om å fylle ut (vedlegg 4). Det skulle fyllast ut eitt skjema for kvar kyrkje, med meir kvantitative opplysningar om kyrkja sin storleik, bruk, energibruk mm.

Etter telefonintervjuet sende gruppa ut eit kartleggingsskjema som kyrkjevevjene vart bedne om å fylle ut. Det skulle fyllast ut eitt skjema for kvar kyrkje med meir detaljerte opplysningar om kyrkja sin storleik, bruk, energibruk mm. Det gjekk greitt å få inn skjema for om lag 1/3 av kyrkjene, men deretter gjekk det tregare. Etter fleire rundar med purring var det innan utgangen av året kome inn svar frå 24 av bispedømet sine 32 fellesråd (75 %), med utfylte skjema for 85 av bispedømet sine 114 fellesrådsforvalta kyrkjer (75 %). Nokre av skjemaa vart seinare supplert med mottekne rapportar, Kyrkjebyggdatabasen til KA og nye opplysningar frå kyrkjevevjene heilt fram til juni 2019.

Intervjuundersøkinga er summert opp i kapittel 2, med underliggende skjema og tabellar i vedlegg 2 og 3.

Enøk-registreringane for kvar kyrkje er summert opp i kapittel 3, med underliggende skjema og tabellar i vedlegg 4 og 5.

2 Resultat frå intervjuundersøkinga

2.1 Spørsmål 1: Formalia

Intervjuet starta med å oppdatere kontaktinformasjonen om kyrkjevevjerene og eventuelt andre lokale kontaktpersonar som var relevante for undersøkinga.

Oppdatert liste over namn, telefonnummer og e-postadresser pr. september 2018 er gitt i vedlegg 2.

2.2 Spørsmål 2: Status i høve til «Grøn kyrkjelyd»

«Grøn kyrkje» er ein del av kyrkja sitt miljøengasjement. Ordninga «Vår grønne kyrkjelyd» har eksistert i mange år, og blei revidert i 2014. Både sokn, fellesråd og kyrkjelege institusjonar kan vere med. Eit viktig mål er å redusere klimagassutsleppa frå kyrkjeleg verksemd, og tiltaket er såleis relevant også i enøk-samanheng.

«Grøn kyrkje» si heimeside <https://kirken.no/nb-NO/gronkirke/> oppgir at 15 sokn, ein barnehage og ein dyreklubb er innmelde som «grøn kyrkjelyd» i Møre.

Kyrkjevevjerene melder også om at 15 av bispedømet sine 97 sokn (15 %) er «grønne kyrkjelydar», men berre 11 av dei er samanfallande med Grøn kyrkje si liste. Fire av sokna på Grøn kyrkje si liste er ukjende for kyrkjevevjerene, medan dei på si side rapporterer om fire sokn som ikkje er registrert hos Grøn kyrkje. I fleire tilfelle melder kyrkjevevjerene om minkande aktivitet eller merksemd om saka, særleg i sokn som har vore med lenge.

På den andre sida vert det meldt om at fleire sokn har diskutert eller gjennomført miljøtiltak lokalt, m.a. som ein del av diakonitenesta, utan at dette er formalisert gjennom innmelding i «Grøn kyrkjelyd».

2.3 Spørsmål 3: Energiregistreringar

Undersøkinga viser at fellesråda har svært ulike løysingar for el-forsyning.

Forsyningsnettet er eigd av lokale nettleverandørar som har konsesjon (einerett) i sine område, medan straumen kan kjøpast frå ulike leverandørar – lokalt eller nasjonalt.

På forsyningsida brukar dei fleste fellesråda den lokale straumleverandøren (t.d. Svorka kraft, Sandøy energi, Istad kraft, Tafjord kraft, Tussa kraft).

Kommunar som Nesset og Rauma har rimeleg konsesjonskraft, som også kjem fellesråda til gode.

Stadig fleire fellesråd har gått over til meir landsdekkande leverandørar som Fjordkraft og LOS Energi. Som regel brukar dei da kommunen sine avtalar, som i mange tilfelle er forhandla fram gjennom eit regionalt, kommunalt innkjøpsfellesskap. Nokre brukar også KNIF sin innkjøpsavtale med Fjordkraft. Dei som brukar desse avtalane meiner prisen er konkurransedyktig, og at det er lite å hente på å skifte leverandør.

Dei fleste kyrkjene har i løpet av 2018 fått installert nye automatiske strømmålarar som gjer det mogeleg for fellesrådet å hente ut forbruksstatistikk direkte frå nettleverandør. Likevel er det svært varierende i kva grad kyrkjevevjerene følgjer opp energibruken. Fleire seier at dei berre sjekkar fakturaen, men utan å følgje opp utviklinga i forbruket. Nokre manglar heilt rutinar for

energioppfølging, og i eit par tilfelle blir rekningane betalt direkte av kommunen utan at kyrkjeverja ser dei.

Mange oppgir likevel at dei har merksemd på energibruken, men berre eit fåtall seier at dei aktivt følgjer opp forbruket og fører fortløpande statistikk (t.d. Rindal, Surnadal, Gjemnes, Storfjorden).

Til informasjon har KA planar om å få alle målarar i el-hub-prosjektet inn i kyrkjebygg-databasen i første halvår 2019. Dette vil verte eit viktig verktøy for å følgje opp energibruken i kyrkjene.

2.4 Spørsmål 4: Status for enøk-arbeidet

Dei fleste fellesråda oppgir at dei ikkje har spesielle vedtak om eller planar for enøk-arbeidet.

Ingen har eigne vedtak eller planar for administrative enøk-tiltak.

Tekniske enøk-tiltak inngår gjerne i dei ordinære vedlikehaldsplanane eller blir utført i samband med andre vedlikehaldstiltak.

Mange kyrkjeverjer opplyser likevel at dei jobbar aktivt både med administrative og tekniske tiltak som kan redusere energibruken. Dei er også positive til eit samarbeid gjennom enøk-prosjektet i Møre.

2.5 Spørsmål 5: Gjennomførte tekniske tiltak

Så godt som alle fellesråda har i løpet av dei seinaste åra gjennomført tiltak som bidreg til redusert energibruk. Dei tre mest vanlege tiltaka er:

- Installering av SD-anlegg
- Overgang til LED-lys
- Installering av varmepumper

Fleire ulike system for sentral drift/driftsovervaking (SD) er i bruk, så som Defa («ring hytta varm»), EM Systemer, Jeff/EFLEX og Smart kirkebyggstyring (via KA-avtale). Nokre eldre anlegg er modembasert eller må programmerast på staden, medan nyare anlegg gjerne er kalenderstyrt og sjølvlærande. Fleire av systema har problem med å oppnå god varmestyring, og somme av kyrkjeverjene meiner energi-gevinsten er mindre enn berekna. Det kan t.d. skuldast for liten installert effekt slik at varmen må stå lenge på før naudsynt temperatur vert oppnådd, eller at tidlegare manuell varmestyring var meir optimal enn antatt.

Dei fleste som har installert nyare system synest likevel å vere rimeleg nøgde med resultatet. I eitt tilfelle (Stranda kyrkje) vert det meldt om ei nærare halvering av forbruket.

I svært mange kyrkjer har det vore – eller vert det gradvis – skifta til LED-lys, både innandørs og som utandørs flaumllys. Som oftast vert gamal armatur nytta vidare, men i nokre tilfelle må armaturen skiftast. Nokre stader der LED er ueigna, har ein skifta til halogenpærer i dei gamle armaturane. Utskifting til LED krev som regel at eldre dimmarar må skiftast ut.

Når det gjeld oppvarming har stadig fleire kyrkjebygg fått installert varmepumpe(r). I mange tilfelle vert dei brukt i kombinasjon med eldre røyromnar. Varmepumpene har som regel nok kapasitet til å halde kviletemperatur i kyrkja heile året, samt brukstemperatur det meste av året. Slik bidreg dei også til å kutte effekttoppane og skape eit betre bevaringsmiljø for interiør og inventar. På den kaldaste årstida kan røyromnane ved behov bli koplå inn for å ta topplasta.

Det vert også meldt om andre gjennomførte enøk-tiltak som tilleggsisolering av loft, etterisolering og setting av fasadar, reparasjon av vindauge, innsetting av doble glas og utskifting av gamle røyromnar med benkevarmarar.

Fleire av kyrkjene er så lite i bruk at det er vanskeleg å få enøk-tiltak til å løne seg.

2.6 Spørsmål 6: Straumtariffar

Det er gjennomgåande lite merksemd om straumtariffar i fellesråda. Nokre få (Storfjorden og Molde) har teke opp spørsmålet med nettleverandøren, men utan resultat så langt.

Dei fleste kyrkjene har ein effektbasert tariff, dvs. at ein både betalar for høgste effektuttak innan ein periode (gjerne pr. mnd.) og energiforbruket. Nokre mindre kyrkjer, helst med lite bruk, har ein næringsbygg-tariff utan effektledd.

Både storleiken på inntakssikringane og samla energiforbruk over året er avgjerande for om ei kyrkje skal ha effekt-tariff. Grensene kan variere mellom nettselskapa, men typiske verdiar er 100-160 Ampere på inntakssikringane og 100 000 kWh i årsforbruk.

2.7 Spørsmål 7: Administrative tiltak – driftsrutinar

Det innsamla materialet avdekkar ein flora av variantar når det gjeld driftsrutinar for varmestyring:

- Skriftlege instruksar frå kyrkjeverje til kyrkjetenar eller sokneråd
- Munnlege instruksar frå kyrkjeverje til kyrkjetenar
- Innarbeidde rutinar som kyrkjetenar følgjer opp
- Rutinar som kyrkjetenar sjølv lagar seg ut frå erfaring og praksis
- Ingen faste rutinar; kyrkjetenar og brukarar styrer fritt

Det kan vere ønskeleg at KA utarbeider malar for brukstilpassa varmestyring, anten som arbeidsinstruksar eller retningsliner for kyrkjetenarar og anna driftspersonell.

Eit spesielt problem er knytt til orgel og inneklima. Her er det mange og til dels motstridande meiningar. Her bør KA kunne bidra med faktabasert kunnskap, både knytt til rutinar for dagleg drift og som rettleiing ved anskaffing av nye orgel.

2.8 Spørsmål 8: Planar og ønskje

Under dette punktet kom det fram mange ønskje om hjelp til gjennomføring av både administrative og tekniske tiltak.

Dei administrative tiltaka handlar i stor grad om å få på plass gode driftsrutinar og brukstilpassa varmestyring. Dette vil prosjektgruppa følgje opp m.a. ved å invitere til regionale arbeidsverkstader med kyrkjeverjer, kyrkjetenarar og anna driftspersonell.

Dei tekniske tiltaka er av meir varierende art, men gjennomgåande er det spørsmål om hjelp til utgreiing av løysingar, prosjektering og prosjektoppfølgjing. Prosjektgruppa har særleg merka seg følgjande tiltak som fellesråda ønskjer hjelp til å gjennomføre:

- Aure kf ønskjer å bytte ut benkevarmarar med alternativ oppvarming
- Averøy kf ønskjer å skifte ut varmeovnar og innføre web-styring i to kyrkjer
- Kristiansund kf ønskjer web-styring samt utgreiing om solceller på nytt tak i Kirkelandet kirke

- Rindal kf og Stangvik og Surnadal kf treng bistand til dokumentasjon/sluttrapport for nye styringsanlegg, for å få ut tilskott frå Enova
- Tingvoll kf vil ha gjennomgang av oppvarming og styring i begge kyrkjene. Tingvoll kyrkje har behov for bistand til utgreiing og prosjektering av nytt varmesystem.
- Giske kf vil utgreie betre løysing for tilknytning av varmepumpe i Valderøy kyrkje
- Haram kf vil installere varmestyring i Brattvåg kyrkje
- Ålesund kf ønskjer å få alle kyrkjene inn på SD-anlegg. Fleire store, kompliserte bygg.
- Sykkylven kf vurderer varmepumper og effektvaktar i Sykkylven kyrkje
- Hareid kf har ferdig forprosjekt og vil gå vidare med nytt varmesystem i Hareid kyrkje
- Ulstein kf vil prøve ut varmegardin ved inngangen til våpenhuset
- Vanylven kf treng hjelp til å utgreie nytt varmeanlegg i Slagnes kyrkje
- Volda kf har eldre styringsystem som dei vil skifte ut med nye anlegg

Enøk-prosjektet i Møre ønskjer å bistå flest mogeleg av felleråda, både økonomisk og med aktiv rådgjeving. Kor langt ein kjem vil likevel avhenge av felleråda sin eigen prioritering, kor store midlar som kan skaffast til vege eksternt og internt og tilgjengeleg rådgjevingsskapasitet.

På grunnlag av intervjuundersøkinga og prosjektgruppa sin kjennskap til dei ulike prosjekta, samt potensialet for å vere «pilotprosjekt», har gruppa i første omgang vald ut desse prosjekta:

- Idékonkurranse for nytt varmesystem i Tingvoll kyrkje
- Varmestyring i Brattvåg kyrkje
- Nytt varmesystem i Slagnes kyrkje

Gruppa ønskjer dessutan å følgje opp dei gode erfaringane med varmestyring i Stranda kyrkje.

2.9 Spørsmål 9: Finansiering

Felleråda har i liten grad søkt om eller fått tilbod om ekstern finansiering utanom det kommunale budsjettet. Eit unntak er den statlege rentekompensasjonsordninga for kyrkjer, som mange har nytta seg av.

Fleire felleråd har vore i kontakt med ENOVA om tilskott til enøk-tiltak. Berre tre felleråd (Rindal kf, Stangvik og Surnadal kf og Molde kf) har fått innvilga midlar frå ENOVA. Rindal kf og Stangvik og Surnadal kf har dessutan fått tilskot frå forsikringsselskap.

Nokre har også hatt nytte av tilskotet som låg i KA sin avtale om SD-anlegg frå Hoist. Dette programmet er nå avslutta.

Prosjektgruppa vil i det vidare arbeidet kontakte ulike kraftprodusentar, nettselskap og forsikringsselskap for å søke om tilskot til finansiering av forprosjekt for eit utval pilotprosjekt i Møre.

2.10 Spørsmål 10: Lokal enøk-ansvarleg

Når det gjeld aktuelle personar som kan vere lokale enøk-ansvarlege, peikar kyrkjevevjene i stor grad på seg sjølv, og i nokon grad på kyrkjetenarane. Mange kyrkjetenarstillingar er små deltidstillingar som ikkje er aktuelle for ein slik funksjon, og dei større stillingane er ofte så hardt belasta at kyrkjevevjene er varsame med å legge til nye oppgåver.

Dei fleste kyrkjevevjene er likevel positive til å gjennomføre arbeidsverkstader og opplæringstiltak i enøk-arbeid, både for sin eigen del og for somme av kyrkjetenarane. Prosjektgruppa vil arbeide for å

gjennomføre fire regionale samlingar i løpet av 2018, for høvesvis Nordmøre, Romsdal, Nordre/Austre Sunnmøre og Søre Sunnmøre.

2.11 Oppsummering av intervjuundersøkinga

2.11.1 Prosjektgruppa si eigenevaluering av intervjuundersøkinga

Prosjektgruppa er svært nøgd med å ha gjennomført ei undersøking som omfattar alle fellesråda i bispedømmet. Sjølv om arbeidsmetoden var relativt energi- og tidkrevjande, vurderer intervjugruppa likevel innsatsen som nyttig. Alle kyrkjevevjerene var positive til å delta, og den personlege kontakten sikra gode og konsistente data. Ein fekk på den måten førstehandsinformasjon om status for enøk-arbeidet og høve til å drøfte konkrete problemstillingar knytt til det vidare prosjektet.

Eit par problemområde eller ønske var gjennomgåande:

- Mange meiner det er behov for å auke kompetansen hos kyrkjetenarane
- Svært mange ønsker hjelp til å gjennomføre konkrete enøk-tiltak.

2.11.2 Kort oppsummering og vurdering av enøk-arbeidet i Møre

Prosjektgruppa sit att med følgjande hovudinntrykk og førebelse vurdering av enøk-arbeidet i Møre, basert på dei 10 spørsmåla:

1. Formalia: Det var mange endringar i kontaktlista. Bispedømmet bør ha ein automatisk oppdatering av denne. Lista er oppdatert pr. 1.7.2019 og vedlagt rapporten (vedlegg 1).
2. Status for «Grøn kyrkjelyd»: Berre 15 % av sokna er med i ordninga, og aktiviteten er i mange tilfelle minkande, særleg i sokn som har vore med lenge. Prosjektgruppa melder dette vidare som ei mogeleg sak for bispedømerådet.
3. Energiregistreringar: Gjennomgåande lite kunnskap om energiforbruk og forbruksutvikling. Sjølv om dei fleste kan ta ut data frå lokal straumleverandør, er det få som følgjer opp forbruket regelmessig. Nye målarar tilknytt el-hub og med direkte rapportering til KA sin kyrkjebyggdatabse frå 2019 kan gi betre datagrunnlag og større merksemd om dette.
4. Status for enøk-arbeidet: Nesten ingen fellesråd har konkrete vedtak eller planar for enøk-arbeidet, men mange arbeider med spørsmåla administrativt eller gjennom budsjett og vedlikehaldsplanar.
5. Gjennomførte tekniske tiltak: Dei fleste fellesråda har gjennomført ulike enøk-tiltak, men det er stor variasjon både i ambisjonsnivå og tekniske løysingar. Dei seinare åra har det vore særleg merksemd på installasjon av SD-anlegg, overgang til LED-lys og installasjon av varmpumper i kyrkjene.

Gjennom Kirkekontroll 2017/2018 har KA ein komplett oversikt over alle typar styringssystem i kyrkjene. Stranda kyrkje kan vere eit case å legge vekt på i det vidare arbeidet.

Prosjektgruppa ser vidare behov for å skaffe fram faktainformasjon om oppvarmingsrutinar og teknologi knytt til inn klima og godt bevaringsmiljø for orgel og kyrkjekunst.

6. Straumtariffar: Årleg straumforbruk og storleik på inntakssikringar avgjer om kyrkja har effekt- eller energiavrekning. Kwart nettselskap har sine egne tariffar. NVE innfører nye reglar frå 2020. Gruppa v/Harald lagar ei oversikt over tariffane til nettselskapa i Møre.

7. Driftsrutinar: Dei fleste fellesråda manglar skriftlege driftsrutinar for varmestyring. Mange etterlyser rettleiing og malar frå sentralt hald. KA kan utarbeide mal for driftsrutinar/ varmestyring.
8. Planar og ønskje: Svært mange fellesråd ønskjer hjelp til utgreiing av tekniske anlegg, både til alternativsvurdering, forprosjekt og prosjektgjennomføring. Prosjektgruppa vil i første omgang sjå nærare på tre mogelege pilotprosjekt: (1) Tingvoll kyrkje: Parallelløppdrag og Idékonkurransse der ein spelar inn fleire fagrådgiavarar (tilsvarande som for Nidarosdomen), (2) Brattvåg kyrkje: Varmestyring og (3) Slagnes kyrkje: Nytt varmeanlegg.

Gruppa vil også gjerne teste ut solceller på kyrkjetak, eventuelt på nærliggande kyrkjelydshus. Dette er enklast å få til på kyrkjer utan vernestatus. Prosjektgruppa har merka seg eit konkret ønskje om utgreiing for Kirkelandet kirke i Kristiansund (listeført).
9. Ekstern finansiering: Fellesråda i Møre har i svært liten grad søkt om eller fått tilskott frå eksterne kjelder som Enova, kraftselskap eller forsikringsselskap. Prosjektgruppa vil ta initiativ til å søke aktuelle kraftselskap og forsikringsselskap om midlar til utgreiing av pilotprosjekt.
10. Lokal enøk-ansvarleg: Kyrkjevevjerjane peiker i dei fleste tilfella på seg sjølv som næraste enøk-ansvarlege. Prosjektgruppa meiner det er viktig at også kyrkjetenarane blir motiverte og får ansvar for det daglege enøk-arbeidet. Gruppa tek sikte på å arrangere fagsamlingar og arbeidsverkstader for kyrkjevevjerer og kyrkjetenarar, eventuelt også for heile stabar (inkl. prestar og organistar).

3 Resultat frå enøk-kartlegginga i kyrkjene

3.1 Kyrkjene i Møre og datatilfanget i enøk-kartlegginga

I Møre bispedøme er det pr. 1.1.2019 registrert 118 kyrkjer som fell inn under kyrkelovas § 17:

Med kirke menes (...) soknekirke eller kapell som er godkjent av Kongen eller departementet, eller som er kirke fra gammelt av.

Av dei 118 kyrkjene er 114 eigd av sokna og blir forvalta av dei kyrkjelege fellesråda i kommunane (sokneråda i eittsoknskommunar). Dei fire siste er freda kulturminne utan innlagt straum eller varme: Kvernes stavkirke i Averøy, Rødven stavkirke i Rauma og Rosekyrkja i Stordal som alle er eigd og blir forvalta av Fortidsminneforeningen, og Veøy gamle kyrkje i Molde som er eigd av Molde kommune og blir forvalta av Romsdalsmuseet.

I tillegg kan kyrkjelydane eige bygningar som er vigsla til kyrkjeleg bruk, utan at dei formelt er kyrkjer etter lova, som t.d. Skarbøvik kyrkje i Ålesund og Gaustad kapell i Eide. Kyrkjelydane kan også eige forsamlingshus, gravkapell og liknande. Desse er ikkje med i undersøkinga.

Det er eitt fellesråd i kvar av dei 36 kommunane i fylket, med unnatak av kommunane Skodje, Ørskog, Stordal, Stranda og Norddal, som er samla i Storfjorden kyrkjelege fellesråd. Det er såleis 32 forvaltningseiningar for dei 114 kyrkjene i sokna sitt eige.

Av dei 32 fellesråda har 24 (75 %) fylt ut registrerings skjema for i alt 85 kyrker (75 % av dei 114). Dette utgjer datagrunnlaget for enøk-kartlegginga. Fleire skjema manglar viktige opplysningar, slik at talet på kyrkjer som ligg til grunn for dei ymse resultatata i rapporten, kan variere.


3.2 Kor representative er dei registrerte kyrkjene for kyrkjene i Møre?

Kor representative er dei registrerte kyrkjene i høve til alle kyrkjene i Møre? Vi gjer ei enkel analyse basert på parametrane prosti, alder og vernestatus og byggemateriale.

3.2.1 Prosti

Figur 2 viser talet på kyrkjer i kvart prosti (forvalta av fellesråd), kor mange av dei som er enøk-registrerte og kor mange som har registrert årsforbruk for energi. Av dei 85 enøk-registrerte kyrkjene har 71 oppgitt årsforbruket for eitt eller fleire av dei fem siste åra (84 % av 85; 62 % av 114).

Figuren viser at alle kyrkjene i indre Nordmøre og Austre Sunnmøre prosti er enøk-registrerte og har oppgitt årsforbruk for energi. Ytre Nordmøre, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre prosti er relativt dårlegare dekt, medan Domkirken og Indre Romsdal prosti er i ei mellomgruppe.




Figur 2 Prostivis oversikt over talet på kyrkjer totalt, enøk-registrerte kyrkjer og kyrkjer med oppgitt årsforbruk for energi.

3.2.2 Alder og vernestatus

Alder og vernestatus heng nøye saman. Vi vel å dele kyrkjene i dei same fire gruppene som KA brukar i sine kyrkjekontrollar, og som har synt seg å vere svært føremålstenleg:

- **Automatisk freda:** Alle kyrkjer eldre enn 1650. Desse er automatisk freda etter Kulturminnelova
- **Automatisk listeført:** Alle kyrkjer frå perioden 1650-1850. Desse er automatisk listeførte som verneverdige
- **Freda og listeførte kyrkjer nyare enn 1850:** Kyrkjer med spesielle verneverdiar, individuelt utvald av Riksantikvaren. I tillegg kan nokre vere individuelt freda (Domkirken i Molde).
- **Ikkje freda eller listeførte kyrkjer nyare enn 1850:** Resten av kyrkjene.

Figur 3 viser talet på kyrkjer i dei fire kategoriane, både totalt og enøk-registrerte. Innanfor kvar kategori er 71 – 80 % av kyrkjene registrert, medan gjennomsnittstalet er 75 %. Det tyder på relativt god representativitet i utvalet, heile bispedømet sett under eitt.




Figur 3 Tal kyrkjer totalt og enøk-registrerte i dei ulike vernekategoriene

3.2.3 Byggemateriale

Når deg gjeld byggemateriale, er det vanleg å skilje mellom kyrkjer i tre (tømmer, reisverk, bindingsverk, limtre) og kyrkjer i mur (stein, mur, tegl, betong), etter beresystemet i veggane.

Figur 4 viser fordelinga av kyrkjer i tre og mur. Av dei 114 kyrkjene i Møre er 90 i tre (79 %), og 24 i mur (21 %). Av dei 85 enøk-registrerte kyrkjene er 68 i tre (80 %), og 17 i mur (20 %). Delen enøk-registrerte kyrkjer i tre og mur samsvarar derfor godt med den totale fordelinga. Sjølv om dette tyder på god representativitet, må ein merke seg at det er stor skilnad på ei middelalderkyrkje i stein og ei moderne arbeidskyrkje i betong. Tala må derfor nyttast med varsemd.



Figur 4 Kyrkjene etter byggemateriale (tre og mur). Totalt og enøk-registrerte.

3.2.4 Konklusjon: Kyrkjene er representative, men datamaterialet har manglar

Overordna må vi kunne seie at dei enøk-registrerte kyrkjene er godt representative for kyrkjene i Møre, både med omsyn til geografisk spreiding (prosti), alder og vernestatus og byggemateriale. På grunn av mangelfullt utfylte skjema er det likevel varierende kor mange kyrkjer som utgjer datagrunnlaget for dei ymse resultatane i rapporten.


3.3 Oppvarma areal i kyrkjene og volum og installert effekt i kyrkjerommet

3.3.1 Oppvarma areal i kyrkjene

Netto oppvarma areal er registrert for 66 kyrkjer. I tillegg er det stipulert oppvarma areal for dei 5 kyrkjene i Vanylven, ut frå opplysningar i Kyrkjebyggdatabasen, slik at datagrunnlaget blir 71 kyrkjer. Med netto oppvarma areal meiner ein areal som står permanent oppvarma eller blir oppvarma når kyrkja er i bruk. I ettertid viser det seg at dette ikkje har gått tydeleg fram av registreringskjemaet, slik at nokre har registrert oppvarma areal berre i kyrkjerommet. Tala kan såleis vere noko inkonsistente. Som regel utgjør likevel kyrkjerommet den mest vesentlege delen av oppvarma areal, slik at eventuelle feil blir små. I analysen brukar vi dei tala som kyrkjevevjene har rapportert inn.

Figur 5 viser dei registrerte tala for netto oppvarma areal, sortert etter storleik. Samla nøkkeltall for kyrkjene er vist i tabell 1.

Nærare halvparten av kyrkjene (33 av 71) har eit oppvarma areal i området 200 – 300 m². Gjennomsnittleg oppvarma areal er 286 m². Dersom vi ser bort frå Domkirken og Sykkylven kyrkje, er gjennomsnittleg oppvarma areal 243 m². Medianverdien (den mellomste verdien) er 232 m².



Figur 5 Oppvarma areal i kyrkjene (m²). 71 kyrkjer.

(NB! Molde domkirke (2 200 m²) og Sykkylven kyrkje (1 300 m²) går ut over skalaen i diagrammet)

Tabell 1 Arealdata. Oppvarma areal i kyrkjene. 71 kyrkjer.

Arealdata	
Tal kyrkjer i utvalet	71 kyrkjer
Samla oppvarma areal	20 286 m ²
Gjennomsnittleg oppvarma areal per kyrkje	286 m ²
Medianverdi	232 m ²
Oppvarma areal utanom Domkirken og Sykkylven kyrkje	16 786 m ²
Gj.sn oppv. areal utanom Domkirken og Sykkylven kyrkje	243 m ²


3.3.2 Oppvarma volum i kyrkjerommet

Netto oppvarma volum i kyrkjerommet er registrert for 60 kyrkjer. I tillegg er det stipulert volum for 3 kyrkjer (Røbekk, Røvik og Veøy) ut frå opplysningar i Kyrkjebyggdatabasen, slik at datagrunnlaget blir 63 kyrkjer. I høve til kyrkjene med registrert oppvarma areal, manglar m.a. Domkirken.

For volumet var spørjeskjemaet meir eintydig enn for arealet («netto oppvarmet volum i kirkerom»), slik at tala for oppvarma volum truleg er meir konsistente enn for oppvarma areal. Kompleks geometri, som t.d. bua og skrå himlingar, kan likevel gjere det vanskeleg å måle volumet nøyaktig, slik at ein må rekne med noko usikkerheit i resultatata.

Figur 6 viser dei registrerte tala for netto oppvarma volum i kyrkjerommet for kvar kyrkje, sortert etter storleik. Samla nøkkeltal for kyrkjene er vist i tabell 2.

Nærare 60 % av kyrkjene (36 av 63) har eit oppvarma volum i området 1 000 – 2 000 m³. Det er i stor grad dei same kyrkjene som har eit oppvarma areal på 200 – 300 m². Gjennomsnittsverdien for alle kyrkjene er 1 529 m³, og medianverdien 1458 m³.



Figur 6 Oppvarma volum i kyrkjerommet (m³). 63 kyrkjer.

Tabell 2 Volumdata. Oppvarma volum i kyrkjerommet. 63 kyrkjer.


Volumdata	
Tal kyrkjer i utvalet	63 kyrkjer
Samla oppvarma volum i kyrkjeromma	96 346 m ³
Gjennomsnittleg oppvarma volum per kyrkjerom	1 529 m ³
Medianverdi	1 458 m ³

3.3.3 Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet

Figur 7 viser installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet for 54 kyrkjer. Effekten varierer frå 8,75 kW til 70 kW. Gjennomsnittsverdien er om lag 29,5 kW medan medianverdien er 26,9 kW. Samla nøkkeltal for kyrkjene er vist i tabell 3.

Installert effekt kan vere påverka av fleire faktorar:

- Kva type varmekjelde som er brukt
- Kor gammalt anlegget er
- Om det er ei blanding av eldre og nyare varmekjelder (t.d. eldre røyromnar og nyare varmepumpe)
- Kor godt kyrkja er isolert
- Kor ofte kyrkja er i bruk
- Kor raskt kyrkja skal varmast opp
- Kvile- og brukstemperatur
- Effekt i høve til areal og volum



Figur 7 Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet (W). 54 kyrkjer.

Tabell 3 Effektdata. Installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet. 54 kyrkjer.

Effektdata	
Tal kyrkjer i utvalet	54 kyrkjer
Samla installert oppvarmingseffekt i kyrkjeromma	1 591 810 W
Gjennomsnittleg oppvarmingseffekt per kyrkjerom	29 478 W
Medianverdi	26 850 W

Fire av dei fem kyrkjene som har høgast installert varmeeffekt, er blant dei åtte største i volum. Men generelt finn vi ingen klår samanheng mellom installert effekt og kyrkja sin storleik. I utvalet finn vi både store kyrkjer med middels til liten installert effekt, og mindre kyrkjer med relativt høg effekt.

I det følgjande vil vi sjå nærare på denne samanhengen. Vi vil også samanlikne resultatet med oppvarmingstida frå kviletemperatur til brukstemperatur, og årleg energiforbruk i høve til kyrkja sin storleik og bruksfrekvens.

Dette vil også gi oss to viktige nøkkelparametrar i enøk-samanheng:

- Installert effekt pr. m³ volum i kyrkjerommet (W/m³)
- Energiforbruk pr. m² og år (kWh/m² år)

3.4 Oppvarmingseffekt i kyrkjerommet i høve til oppvarma volum

Figur 8 viser installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet pr. m³ volum, for dei same 54 kyrkjene som i figur 7. Samla nøkkeltal for kyrkjene er vist i tabell 4.


Figuren viser at installert oppvarmingseffekt varierer mellom 7,18 W/m³ og 63,33 W/m³. Den gjennomsnittlege oppvarmingseffekten pr. kyrkje er 21,78 W/m³, og medianverdien er 19,03 W/m³. Halvparten av kyrkjene har ein installert effekt i området 15-21 W/m³.

Eit godt bevaringsmiljø for interiør og inventar krev god temperaturstyring og rask oppvarming. Studiar utført av KA viser at ein vanlegvis oppnår dette ved å ha ein installert oppvarmingseffekt i området 27-35 W pr. m³ volum i kyrkjerommet.

På figuren er det anbefalte effektområdet markert som eit skravert belte. Berre 9 av dei 54 kyrkjene (16,7 %) ligg innanfor dette beltet, medan 4 kyrkjer (7,4 %) ligg over. Tre av fire kyrkjer ligg dermed under effektområdet.

Biletet må likevel nyanserast noko. Effektbehovet vil variere ut frå spesifikke forhold som alder, byggemateriale, byggemåte, storleik, tettleik og lokale klimatilhøve. Bruk av varmepumpe, eventuelt i kombinasjon med røyromnar/benkevarmarar/panelomnar, vil dessutan kunne redusere effektbehovet monaleg. Til dømes har dei to kyrkjene med lågast installert effekt (Vike og Sykkylven) varmepumper, som truleg aukar den reelle effektverknaden med ein faktor på 2-3.

Likevel er det grunnlag for å konkludere med at dei fleste kyrkjene har underdimensjonerte varmelegg i høve til dagens krav.



Figur 8 Installert oppvarmingseffekt pr. m³ volum i kyrkjerommet. 54 kyrkjer.

Tabell 4 Oppvarmingseffekt pr. m³ i kyrkjerommet. 54 kyrkjer.

Data for oppvarmingseffekt pr. m ³ i kyrkjerommet	
Tal kyrkjer i utvalet	54 kyrkjer
Samla installert oppvarmingseffekt i kyrkjeromma (ΣE)	1 591 810 W
Samla oppvarma volum i kyrkjeromma (ΣV)	83 710 m ³
Gjennomsnittleg oppvarmingseffekt pr. m ³ (ΣE/ΣV)	19,02 W/m ³
Gj.snittleg oppvarmingseffekt pr. kyrkje (Σ(E _i /V _i)/54)	21,78 W/m ³
Medianverdi	19,03 W/m ³


3.5 Kviletemperatur, brukstemperatur og oppvarmingstid

3.5.1 Kviletemperatur og brukstemperatur i kyrkjerommet

For dei fleste kyrkjene i utvalet er det ei eller anna form for brukstilpassa varmestyring – anten automatisk eller manuell. Det betyr at temperaturen senkast til ein kviletemperatur når kyrkja ikkje er i bruk, og aukast til brukstemperatur når kyrkja skal brukast. Det kan vere skilnad på ulike rom slik at t.d. sakristi og møterom står jamt varme, medan temperaturen i kyrkjerommet blir regulert opp og ned etter behov. Vi er i denne samanheng mest interessert i temperaturstyringa i kyrkjerommet.

Figur 9 viser kviletemperatur og brukstemperatur i kyrkjerommet for 79 av dei 85 kyrkjene. (I dei tilfella det er oppgitt eit temperaturintervall for kvile- og/eller brukstemperatur, er den høgaste temperaturen valt.) Kyrkjene er rangert etter aukande kviletemperatur (mørkeraud søyle), medan temperaturauken opp til brukstemperatur er lagt på toppen (lyseraud søyle), slik at dei to søylene til saman viser brukstemperaturen i kvar kyrkje.

Ei nærliggande hypotese er at kyrkjer som sjeldan blir oppvarma held ein låg kviletemperatur, medan kyrkjer som ofte blir oppvarma held høgare kviletemperatur. For kyrkjer med hyppig bruk vil det vere ein balanse kor langt det er praktisk eller lønsamt å senke temperaturen mellom kvart arrangement. Figuren viser at dette biletet ikkje er eintydig. Kyrkjer med lite bruk kan ha høg kviletemperatur og kyrkjer som er mykje i bruk kan ha kviletemperatur heilt ned i 5 °C. For nokre av kyrkjene med lite bruk kan dette ha samanheng med dårleg kapasitet på varmeanlegget, men like ofte synest forklaringa å vere mangelfulle driftsrutinar og lite brukstilpassa oppvarming. Ein indikasjon på dette er at fleire felleråd oppgir same kvile- og brukstemperaturar og same oppvarmingstid på alle sine kyrkjer, uavhengig av bruksfrekvens og kapasitet på varmeanlegget.



Figur 9 Kviletemperatur (mørkeraud søyle) og temperaturauke opp til brukstemperatur (lyseraud søyle) i kvar kyrkje. Dei to søylene til saman viser brukstemperaturen i kyrkja. 79 kyrkjer.

Tabell 5 viser at **kviletemperaturen** fordeler seg med om lag ein tredel på kvart av temperaturintervalla 0-5 °C, 6-10 °C og 11-16 °C. To av tre kyrkjer har altså ein kviletemperatur på 10 °C eller mindre. Berre tre av dei mest bruksintensive kyrkjene har ein kviletemperatur på 17 °C eller meir.

Brukstemperaturen er for dei fleste kyrkjene oppgitt til 20 ± 2 °C. Om lag halvparten (49 %) har ein brukstemperatur på 20 °C, medan 18 % ligg litt under og 33 % litt over denne temperaturen.

Tabell 5 Temperaturfordelinga for kviletemperatur (til venstre) og brukstemperatur (til høgre).

Kvile-temperatur	Tal kyrkjer	Prosent	Bruks-temperatur	Tal kyrkjer	Prosent
0 - 5 °C	28	35 %	17 - 19 °C	14	18 %
6 - 10 °C	25	32 %	20 °C	39	49 %
11 - 16 °C	23	29 %	21 - 22 °C	26	33 %
17 - 19 °C	3	4 %			


3.5.2 Oppvarmingstid i kyrkjerommet ein kald vinterdag

I kap. 3.4 konkluderte vi med at dei fleste kyrkjene har underdimensjonerte varmeanlegg. Kva betyr det for oppvarmingstida frå kviletemperatur til driftstemperatur?

Oppvarmingstida i kyrkjerommet ein kald vinterdag (dvs. med utetemperatur lågare enn ca. -5 °C) er registrert for 75 av dei 85 kyrkjene. Figur 10 viser oppvarmingstida for kvar kyrkje.

For å oppnå eit godt bevaringsmiljø, bør oppvarmingstida helst ikkje vere meir enn 5-6 timar. På den tida vil interiør og inventar i liten grad rekke å reagere på fuktendringane i lufta som følgje av temperaturendringane. Ved oppvarming vil den relative fuktigheita (RF) i lufta minke, og over tid kan dette føre til at treverk tørkar ut og sprekk, eller at kunst og tekstilar tek skade. Anbefalt RF for eit godt bevaringsklima er 40-60 %. Riksantikvaren si tilråding er å regulere RF gjennom temperaturen, heller enn å tilføre kunstig fukt som kan føre til kondensskadar på kalde ytterflater.

Berre 20 av dei 75 kyrkjene (26,7 %) held seg innanfor 6-timarsmålet. I lange periodar av året vil likevel oppvarmingstida kunne reduserast, slik at forholda neppe blir kritiske før ein når opp i 10-12 timar «vinterfyringstid». 45 av kyrkjene (60 %) ligg innanfor 12-timarsgrensa. I lengda er dette likevel ikkje tilfredsstillande, korkje for innklimaet eller energiforbruket. For dei kyrkjene som har lengst oppvarmingstid (opptil 2 – 3 døgn), kan det vere driftstekniske årsakar som ligg bak, t.d. at kyrkja ligg avsides og at varmen blir slått på manuelt når personell likevel er innom på den næraste kvardagen før eit arrangement.



Figur 10 Oppvarmingstid for kyrkjerommet i timar ein kald vinterdag (< -5 °C). 75 kyrkjer.

3.5.3 Oppvarmingshastighet

Den store skilnaden i oppvarmingstid kan ha fleire årsaker, som t.d.:

- Driftstekniske forhold og driftsrutinar
- Type varmelegg og oppvarmingseffekt i høve til romvolum
- Bygningsteknisk tilstand (t.d. kalde og utette ytterkonstruksjonar)
- Lokalklimatiske forhold som vind, dimensjonerande utetemperatur og kuldemønster
- Temperaturspranget mellom kvile- og brukstemperatur


Når det gjeld det siste punktet, er det rimeleg å anta at det tek lengre tid å varme opp kyrkja frå ein låg kviletemperatur enn frå ein høgare. I dei 75 kyrkjene varierer kviletemperaturen mellom 0 og 19 grader, medan brukstemperaturen varierer mellom 17 og 22 grader. Differansen kan variere mellom 0 og 22 grader for den einskilde kyrkja.

Vi vil undersøke effekten av dette ved å sjå på oppvarmingshastigheita. Den kan uttrykkast anten ved oppvarmingstid pr. grad temperaturløst (timar pr. °C) eller ved temperaturløst pr. time (°C pr. time). Vi vel å bruke den første metoden, som betyr at vi tek oppvarmingstida og deler på temperaturløst mellom kvile- og brukstemperatur. Høg verdi betyr da låg hastighet.

Figur 11 viser resultatet for dei 75 kyrkjene. For mange av kyrkjene har denne metoden ein utjamnande effekt, slik vi antok, men framleis er det store variasjonar. Dei mest ekstreme verdiane gjeld i hovudsak dei same kyrkjene som har lengst oppvarmingstid uavhengig av kviletemperatur (jf. kap. 5.3.2). Mange av dei er eldre, litt avsidesliggende, trekyrkjer med liten eller moderat bruk, der driftstekniske forhold kan forklare noko av utslaget.

Bortsett frå Sykkylven kyrkje og Molde domkirke, som stort sett står permanent oppvarma på grunn av intensiv bruk, varierer oppvarmingshastigheita frå 0,17 timar pr. °C til 9,6 timar pr. °C. Det gir eit spreingstal på 1 til 56. Tilsvarende ytterpunkt for oppvarmingstida var 2 timar og 72 timar, som gir eit spreingstal på 1 til 36. Oppvarmingstida har altså lågare spreingstal enn oppvarmingshastigheita, stikk imot kva ein i utgangspunktet burde forvente.

I neste kapittel vil vi sjå på ein annan mogeleg forklaringsparameter, nemleg oppvarmingstida og oppvarmingshastigheita i høve til installert varmeeffekt i kyrkjerommet.




Figur 11 Oppvarmingshastighet som funksjon av oppvarmingstid og temperaturløst mellom kvile- og brukstemperatur (timar pr. °C). 75 kyrkjer.

3.6 Oppvarmingstid og -hastighet i høve til installert varmeeffekt

3.6.1 Oppvarmingstid i høve til installert effekt


For 52 kyrker er det registrert både installert effekt pr. m³ i kyrkjerommet, og tida det tek å varme opp kyrkja til brukstemperatur på ein kald vinterdag (kaldare enn ca. -5 °C). Figur 12 viser desse parametranne samanstillt i eitt diagram. Som forventa kan det sporast ein viss samanheng mellom høg effekt og låg oppvarmingstid, men figuren viser at også det er store variasjonar og avvik frå dette på objektnivå.



Figur 12 Oppvarmingseffekt pr. m³ volum i kyrkjerommet (W/m³) samanlikna med oppvarmingstid i timar frå kviletemperatur til brukstemperatur. 52 kyrkjer.

3.6.2 Oppvarmingshastighet i høve til installert effekt

Figur 13 viser samanhengen mellom varmeeffekt og oppvarmingshastighet for dei same 52 kyrkjene som i figur 12. Her blir samanhengen mellom parametranne tydelegare, ettersom vi her tek omsyn til temperaturdifferansen mellom kvile- og brukstemperatur. Likevel er ikkje biletet eintydig. Fleire kyrkjer med relativt god effekt har uventa låg oppvarmingshastighet (dvs. høgt timetal pr. °C), noko som indikerer at det kan vere gevinstar å hente på betre oppvarmingsrutinar.



Figur 13 Oppvarmingseffekt pr. m³ samanlikna med oppvarmingshastighet i timar pr. °C. 52 kyrkjer.

3.7 Årleg energiforbruk i kyrkjene

3.7.1 Utviklinga av energiforbruket i perioden 2013-2017

For 35 av dei 85 kyrkjene ligg det føre data for energiforbruket kvart år i perioden 2013-2017. Ingen av desse kyrkjene har fjernvarme, slik at heile forbruket er elektrisitet. Samla forbruk pr. år for desse kyrkjene varierer i perioden mellom 2,08 GWh og 2,56 GWh (sjå tabell).


Oppvarmingsbehovet for kvart år blir påverka av middeltemperaturen gjennom året. Dette kan uttrykkest ved graddagstalet («energi gradtal»), som er differansen mellom ein basistemperatur på 17 °C og midlare utetemperatur kvart døgn, summert opp over eit år. Dette talet blir rekna ut for kvar meteorologisk målestasjon i landet, og vidare generert til eit representativt fylkestal. I tabellen har vi registrert graddagstalet for Møre og Romsdal kvart år i perioden 2013-2017, og korrigert forbruket i høve til normalgraddagstalet for perioden 1981-2010 (Kjelde: Enovas tabell over graddagstal 2010-2018). Etersom alle åra i perioden har vore mildare enn normalåret, må alle forbrukstala justerast opp.

Ved graddagskorrigering skil ein vanlegvis mellom temperaturuavhengig del (lys, varmtvann, maskinar og utstyr) og temperaturavhengig del (oppvarming). I kyrkjene går det meste av energien til oppvarming, slik at vi får eit tilnærma riktig bilete ved å temperaturkorrigerer heile forbruket.

Tabell 6 viser samla årleg el-forbruk for dei 35 kyrkjene i perioden 2013-2017. Det same er vist i figur 14, der venstre søyle viser faktisk forbruk og høgre søyle graddagskorrigert forbruk for kvart år.

Tabell 6 Sum el-forbruk i 35 kyrkjer i perioden 2013-2017. Faktisk forbruk og graddagskorrigert.

	2013	2014	2015	2016	2017
Sum el-forbruk 35 kyrkjer (kWh)	2 400 374	2 084 934	2 108 312	2 256 549	2 555 572
Sum el-forbruk, graddagskorrigert	2 463 056	2 522 054	2 403 888	2 424 783	2 665 460
Graddagstal for Møre og Romsdal	3638	3086	3274	3474	3400
Prosent av normal -81-10 (= 3733)	97,5 %	82,7 %	87,7 %	93,1 %	91,1 %



Figur 14 Samla årleg el-forbruk for 35 kyrkjer i perioden 2013-2017.

Tabellen viser at det faktiske forbruket gjekk ned med 13,1 % frå 2013 til 2014, for deretter å auke gradvis fram mot 2017, da det blei 6,5 % høgare enn i 2013. Det graddagskorrigerede forbruket var likevel ganske stabilt i åra 2013-2016 (innanfor $\pm 1-3\%$), men steig med 8,2 % i 2017. Skilnaden dei første åra kan skuldast tilfeldige variasjonar i bruken av kyrkjene eller lokale avvik frå graddagstalet for fylket. Auken i 2017 er meir signifikant, og kan ikkje utan vidare forklarast ut frå datamaterialet.

Ettersom utvalet berre omfattar 31 % av kyrkjene i Møre, er det vanskeleg å trekke bastante konklusjonar om den samla utviklinga i perioden. Resultatet tyder likevel på at det ikkje har vore nokon markert utvikling – enn si reduksjon – i energiforbruket desse åra.

3.7.2 Samla energiforbruk i kyrkjene i 2017

Energiforbruket i 2017 er registrert for 72 av dei 85 kyrkjene. I tillegg er forbruket stipulert for tre av kyrkjene (Norrdal, Sylte og Hareid) på grunnlag av tidlegare års forbruk, slik at datagrunnlaget til saman omfattar 75 kyrkjer. To av kyrkjene (Øye og Spjelkavik) hadde fjernvarme, medan resten hadde el-oppvarming. Tingvoll kyrkje hadde eit prøveprosjekt med fjernvarme i 2013-2016, men dette var avslutta i 2017.

Tabell 7 viser at dei 75 kyrkjene til saman brukte 4,53 GWh straum og 0,22 GWh fjernvarme, i alt 4,75 GWh energi i 2017.

For å få eit bilete av den samla energibruken til kyrkjene i Møre, har vi i tabellen teke gjennomsnittet pr. kyrkje og skalert det opp til å omfatte alle dei 114 kyrkjene. Det samla forbruket for kyrkjene i Møre i 2017 ligg da på om lag 7,2 GWh straum og fjernvarme. Det utgjer om lag forbruket til 450 husstandar, eller ein tettstad på storleik med Larsnes eller Tingvoll.

Tabell 7 Tabell: Registrert, samla energiforbruk for 75 kyrker i 2017, gjennomsnittleg forbruk for dei same kyrkjene og ekvivalent forbruk for 114 «gjennomsnittskyrkjer» i Møre.

Energiforbruk 2017	Registrert forbruk for 75 kyrkjer	Gjennomsnittleg forbruk pr. kyrkje	Ekvivalent forbruk for 114 kyrkjer
Samla forbruk el	4 525 959 kWh	60 346 kWh	6 879 458 kWh
Samla forbruk fjernvarme	224 010 kWh	2 987 kWh	340 518 kWh
Samla energiforbruk	4 749 969 kWh	63 333 kWh	7 219 976 kWh


3.7.3 Energiforbruket i kvar kyrkje i 2017

Figur 15 viser registrert energiforbruk for kvar kyrkje i 2017. Spennet i forbruk er stort: Molde domkirke, som hadde det høgaste forbruket, brukte om lag 100 gonger så mykje straum som St. Jetmund, som hadde det lågaste.

Tabell 8 viser at gjennomsnittskyrkja brukte 63 333 kWh (el og fjernvarme), medan medianverdien var betydeleg lågare, nemleg 43 880 kWh. Det tyder at kyrkjene som brukar mest energi i gjennomsnitt ligg høgare over medianverdien enn dei kyrkjene som brukar minst ligg under.

Samla energiforbruk kan ha betyding for kva type tariff kyrkja har. Reglane kan variere mellom nettselskapa, men ofte går det ei grense på 100 000 kWh årleg forbruk og hovudsikring på 125 A. Kyrkjer under denne grensa vil ofte kunne ha ein rein energitariff der ein berre betalar for forbruket, medan kyrkjer over denne grensa har ein blanda tariff som både tek omsyn til forbruket og den høgaste effekttoppen innanfor ein periode (månad, kvartal eller år). 62 av dei 75 kyrkjene (83 %) hadde et forbruk på under 100 000 kWh i 2017.

Utviklinga ser ut til å gå meir og meir i retning av tariffing på grunnlag av effekt. Straumprisen kan også bli differensiert over døgnet. Det er derfor viktig at kyrkjene installerer varme- og styringssystem som både kan redusere effekttoppane og utnytte prismetanismen over døgnet.



Figur 15 Samla energiforbruk pr. kyrkje (el og fjernvarme) i 2017 (kWh). 75 kyrkjer.


Tabell 8 Samla energiforbruk i kyrkjene i 2017. 75 kyrkjer.

Energidata	
Tal kyrkjer i utvalet	75 kyrkjer
Samla energiforbruk (el + fjernvarme)	4 749 969 kWh
Gjennomsnittleg energiforbruk pr. kyrkje	63 333 kWh
Medianverdi	43 880 kWh

3.8 Forbruk pr. kvadratmeter oppvarma areal i 2017

Som nemnt i kap. 3.3.3 er forbruket pr. kvadratmeter og år ein nøkkelparameter i enøk-samanheng. Datamaterialet omfattar 64 kyrkjer der det både er oppgitt oppvarma areal og energiforbruk i 2017. Ingen av desse kyrkjene brukte fjernvarme, slik at alt er el-forbruk.

Spesifikt forbruk for kvar kyrkje er vist i figur 16. Tala er ikkje graddagskorrigerte. Det er stor spreing i forbruket, noko som for mange kyrkjer sitt vedkomande kan forklarast med varierende bruksfrekvens. Dei mest brukte kyrkjene, som Sykkylven og Molde domkirke, er likevel ikkje dei som har høgast forbruk. Fleire kyrkjer med liten eller moderat bruk har uventa høgt forbruk.



Figur 16 Energiforbruk pr. kvadratmeter oppvarma areal i kyrkjene i 2017 (kWh pr. m²). 64 kyrkjer.

Tabell 9 Nøkkeltal for samla energiforbruk i 2017. 64 kyrkjer.

Energiforbruksdata 2017	
Tal kyrkjer i utvalet	64 kyrkjer
Samla energiforbruk	3 623 247 kWh
Samla areal	18 516 m ²
Gjennomsnittleg energiforbruk pr. kvadratmeter	196 kWh/m ²
Gjennomsnittleg energiforbruk pr. kyrkje	200 kWh/m ²
Medianverdi	165 kWh/m ²

Tabell 9 viser at gjennomsnittleg energiforbruk pr. m² totalt for dei 64 kyrkjene er 188,6 kWh/m² og medianverdien 163,5 kWh/m². Gjennomsnittleg forbruk pr. kyrkje er 56 689 kWh.

Samla energiforbruk delt på samla areal gir eit gjennomsnittsforkbruk på 196 kWh/m².

Gjennomsnittleg energiforbruk pr. kyrkje (ikkje arealveid) er **200 kWh/m²**, medan medianverdien er 165 kWh/m². Graddagskorrigert ville gjennomsnittet vore 220 kWh/m².

Landsgjennomsnittet for kyrkjer er oppgitt til **236 kWh/m²**. Det er ikkje kjend om talet er rekna ut frå bruttoareal eller oppvarma areal, men dersom grunnlaget er oppvarma areal, ligg kyrkjene i Møre om lag 15 % lågare enn landsgjennomsnittet. Enovas byggstatistikk for 2017 viser at medianverdien for kulturbygg ligg på 191 kWh/m², som er om lag 16 % høgare enn medianverdien for kyrkjene i Møre. I høve til desse tala, ligg kyrkjene i Møre godt an.

Likevel viser enøk-kartlegginga at det er eit betydeleg sparepotensial. Faktorar som trekker forbruket opp, er at kyrkjene har store volum i høve til grunnflata på grunn av stor takhøgde, og at dei eldre kyrkjene kan vere trekkfulle og dårleg isolert. Låg bruksfrekvens og lange periodar med kviletemperatur burde likevel kunne trekke forbruket ned til eit meir normalt nivå i mange kyrkjer.

Byggteknisk forskrift (TEK17) set ei energiramme på 130 kWh/m² for nye kulturbygg. Sjølv om slike bygg er av ymse slag, kan dette også vere eit rimeleg mål å strekke seg mot for kyrkjene.

3.9 Energiforbruk i høve til aktivitet

3.9.1 Energiforbruk fordelt på aktivitetar

Vi vil no sjå nærare på energibruken i høve til aktiviteten i kyrkjene. I enøk-skjemaet har kyrkjevevjene fylt ut talet på gudstenester, gravferder, vigslar, konsertar, møte, konfirmantsamlingar og andre aktivitetar i kvar kyrkje. Nokre av desse aktivitetane brukar berre delar av bygget, men det er ikkje mogeleg å skilje ut kor mykje av energibruken som er knytt til kvar aktivitet. I dei fleste kyrkjene er det likevel slik at stort sett heile den oppvarma delen av kyrkja er i bruk ved arrangement. Ved å ta den samla energibruken og dele på summen av aktivitetar, kan vi derfor få eit bilete av kor effektivt energien blir utnytta i kvar kyrkje.

Datagrunnlaget omfattar 70 kyrkjer der det er registrert både aktivitet og energiforbruk i 2017. Tabell 10 viser samla nøkkeltal for aktivitetar og forbruk.

Dersom vi deler samla forbruk i dei 70 kyrkjene på samla tal aktivitetar, får vi eit gjennomsnittsforkbruk på 807 kWh pr. aktivitet. Dersom vi i staden reknar ut energiforbruket pr. aktivitet i kvar kyrkje og så tek gjennomsnittet av dette, får vi 959 kWh/aktivitet. Grunnen til at dette talet er høgare, er at kyrkjene med få aktivitetar er mindre «energieffektive» enn dei med større aktivitet. Når medianverdien samtidig er vesentleg lågare, betyr det at dei små kyrkjene dreg gjennomsnittet meir opp enn dei større dreg det ned.


Tabell 10 Energiforbruk pr. aktivitet i 2017, totalt og i gjennomsnitt pr. kyrkje. 70 kyrkjer.

Tal kyrkjer i utvalet	70 kyrkjer
Tal aktivitetar (Σa)	4 970
Gjennomsnittleg tal aktivitetar pr. kyrkje ($\Sigma a/70$)	71 aktiv./kyrkje
Medianverdi aktivitetar pr. kyrkje	46 aktiv./kyrkje
Samla energiforbruk (ΣQ)	4 012 012 kWh
Gjennomsnittleg energiforbruk pr. aktivitet ($\Sigma Q/\Sigma a$)	807 kWh/aktiv.
Gjennomsnittleg energiforbruk pr. aktivitet pr. kyrkje ($\Sigma(Q_i/a_i)/70$)	959 kWh/aktiv.
Medianverdi energiforbruk pr. aktivitet	845 kWh/aktiv.

Figur 17 viser tal aktivitetar pr. kyrkje i venstre kolonne og forbruk pr. aktivitet i høgre kolonne. (NB! Søyla for Sykkylven sprenger diagrammet; med 766 registrerte aktivitetar.)

Venstre kolonne viser at kyrkjene med lågast aktivitet har berre 10-11 arrangement pr. år, medan dei mest aktive arbeidskyrkjene kan ha fleire hundre arrangement. Gjennomsnittet ligg på 71 arrangement pr. kyrkje, og medianen på 46. Det tyder at dei mest aktive kyrkjene trekker gjennomsnittet meir opp enn dei med lågast aktivitet trekker ned.

Høgre kolonne viser at dei minst energieffektive kyrkjene kan ha om lag 10 gonger så høgt forbruk pr. arrangement som dei mest effektive. For nokre av kyrkjene kan den høge verdien forklarast med spesielle forhold, som at deler av kyrkja står permanent oppvarma av omsyn til tilsette som er sporadisk innom, eller at det føregår samtalar eller møte som ikkje blir registrert som aktivitet.



Figur 17 Sum aktivitetar samanlikna med energiforbruk pr. aktivitet i 2017. 70 kyrkjer.

3.9.2 Energiforbruk pr. brukstime

I tillegg til å registrere talet på ulike aktivitetar, har kyrkjevevjerene fylt ut kor mange timar kvar aktivitet tek. Det viser seg at kyrkjevevjerene har lagt ulike føresetnader til grunn. Nokre har berre registrert tida aktiviteten tek, medan andre har registrert tida kyrkja må vere oppvarma i samband med vedkomande aktivitet. For å få eit meir homogent samanlikningsgrunnlag, har vi derfor valt å normere tidsbruken for kvar aktivitet.

I enøk-samanheng er det mest interessant å bruke timetalet kyrkja må vere oppvarma ved ymse aktivitetar. Med utgangspunkt i kyrkjevevjerene sine opplysningar, legg vi derfor følgjande «normtal» til grunn for alle kyrkjene: Gudsteneste og gravferd 4 timar, vigsel 3 timar, konsert 5 timar, konfirmantsamling og møte 2 timar og «annan bruk» 4 timar.

Ut frå dette kan vi berekne sum brukstimar og deretter energiforbruk pr. brukstime på tilsvarande måte som vi berekna sum aktivitetar og energiforbruk pr. aktivitet i kap. 3.9.1.

Resultatet av berekningane er vist i tabell 11 og figur 18. Figuren viser at tal brukstimar varierer frå 40-50 timar for dei minst brukte kyrkjene, til 1074 timar for Molde domkirke og 1853 timar for Sykkylven kyrkje. Gjennomsnittleg var kyrkjene i bruk 253 timar kvar i 2017. Medianverdien var 174 timar.


Rekkefølga av kyrkjene er i store trekk den same i figur 17 og 18. Ulik samansetning av bruksformåla kan gi litt ulikt brukstimal, men kyrkjene rykkjer sjeldan meir enn 2-3 plassar opp eller ned i rekka.

Energiforbruket pr. brukstime varierer frå 60 til 582 kWh pr. brukstime. Samla energiforbruk i dei 70 kyrkjene delt på samla tal brukstimar, gir eit gjennomsnittsforkbruk på 226 kWh pr. brukstime. Gjennomsnittleg energiforkbruk pr. kyrkje er noko høgare, 253 kWh/t, og medianverdien er 230 kWh/h. Det tyder at dei minst energieffektive kyrkjene er med på å trekke gjennomsnittsforkbruket opp.

Tabell 11 Energiforkbruk pr. brukstime i 2017, totalt og i gjennomsnitt pr. kyrkje. 70 kyrkjer.

Tal kyrkjer i utvalet	70 kyrkjer
Tal brukstimar (Σt)	17 733
Gjennomsnittleg tal brukstimar pr. kyrkje ($\Sigma t/70$)	253 timar/kyrkje
Medianverdi brukstimar pr. kyrkje	174 timar/kyrkje
Samla energiforkbruk (ΣQ)	4 012 012 kWh
Gj.snittleg energiforkbruk pr. brukstime ($\Sigma Q/\Sigma t$)	226 kWh/t
Gj.snittleg energiforkbruk pr. brukstime pr. kyrkje ($\Sigma(Q_i/t_i)/70$)	253 kWh/t
Medianverdi energiforkbruk pr. brukstime pr. kyrkje	230 kWh/t

Figur 17 og 18 viser at det er svært liten samanheng mellom energiforkbruk og aktivitetsnivå i kyrkjene. For den einsskilde kyrkja kan det vere både tekniske og driftsmessige årsakar til dette, men heilskapsinntrykket blir likevel at det er stort rom for forbetringar. Når kvar brukstime i gjennomsnitt kostar om lag 250,- kr. berre i straum, er det grunn til å sjå nærare på ressursbruken.



Figur 18 Sum brukstimar samanlikna med energiforbruk pr. brukstime i 2017. 70 kyrkjer.


3.10 Varmeanlegg og varmestyring

3.10.1 Type varmeanlegg i kyrkjerommet

For 84 av dei 85 kyrkjene er det registrert kva type varmeanlegg som er installert i ulike delar av kyrkja: i kyrkjerommet, i sakristia og i andre rom. Her vil vi avgrense oss til å sjå på varmeanlegget i kyrkjerommet, som er har størst potensial i enøk-samanheng.

Figur 19 viser kva type varmeanlegg det er i dei ulike kyrkjeromma, prosentvis fordelt. Berre hovudvarmekjelda er teke med; det kan også vere supplerande varmeelement som panelomnar t.d. til strålevarme og varmepumper.

Røyromnar som står på golvet under benkane, eventuelt supplert med panelomnar, er hovudvarmekjelde i 49 % av kyrkjene. Mange av desse anlegga er gamle, heilt attende til 1950-60-talet. Benkevarmarar som er montert oppunder benkane, eventuelt supplert med panelomnar, er varmekjelde i 26 % av kyrkjene. Benkevarmarar har i mange tilfelle erstatta eldre røyromnsanlegg. 5 % av kyrkjene har panelomnar på veggane som hovudvarmekjelde. Til saman har 80 % av kyrkjene tradisjonell oppvarming med ulike typar elektriske varmeomnar. Varmepumper har blitt meir og meir vanlege dei siste åra, og er hovudvarmekjelde i 12 % av kyrkjene. Nokre kyrkjer har også radiatorar med vannboren varme, der energikjelda anten er fjernvarme, lokalt fyringsanlegg eller jordvarme frå grunnbrønner. Både luft-til-luft-, luft-til-vann- og vann-til-vann-varmepumper, eventuelt med jordvarme, er energi- og effekt effektive løysingar som vil bli meir utbredt i åra framover.



Figur 19 Type varmeanlegg i kyrkjerommet. Prosent. 84 kyrkjer.


3.10.2 Varmestyring og brukstilpassa oppvarming

For 83 av de 85 kyrkjene har kyrkjeverjene svart på om det gjennomførast brukstilpassa oppvarming, og i så fall korleis. 13 % svarte berre ja, og 12 % nei. For dei resterande 75 % var det mange ulike svar på korleis varmestyringa skjer. I figur 20 er svara sortert i tre grupper etter grad av automatisering:

- Manuell styring: Varmen blir slått av og på manuelt på staden etter behov
- Automatikk som styrast/programmerast på staden: Vekeur, nattsenk, termostat
- Fjernstyring: SD-anlegg, web-styring, fjernstyring via telefon

Dersom vi antar at «nei» betyr manuell styring, blir 46 % av kyrkjene framleis styrt utan avansert automatikk. Det er grunn til å tru at ein stor del av ja-svara også tyder manuell styring, slik at mellom 50 og 60 % av kyrkjene styrast heilt manuelt. 13 % har halvautomatiske system som kan programmerast eller regulerast på staden, medan 28 % har ulike former for fjernstyrte system som DEFA («ring hytta varm»), eller meir komplette SD-anlegg som EM, Sensio og eFlex. (SD = Sentral driftskontroll eller Sentralt driftssystem).

Dette stemmer bra med resultatata frå KA sin nasjonale kyrkjekontroll i 2017, der det var registrert at 25 % av kyrkjene i Møre hadde SD-system, medan det på landsplan var 20 %. Likevel bør det vere eit mål å få inn moderne SD-anlegg i alle kyrkjer med rimeleg grad av bruk.



Figur 20 Svar på spørsmålet: "Gjennomførast det brukstilpassa oppvarming? Viss ja; korleis?" Prosentfordeling. 83 kyrkjer.

3.10.3 Registrering og analyse av straumforbruk

«Blir månadleg straumforbruk registrert og analysert?»

Dette spørsmålet blei besvart for 81 av dei 85 kyrkjene. Svara fordelte seg som vist i tabell 12.

Tabell 12 "Blir månadleg straumforbruk registrert og analysert?" 81 kyrkjer.

	Tal kyrkjer	Prosent	Merknad
Ja	40	49 %	Av desse svarte 4 (5 %) at registreringa skjer automatisk.
Nei	41	51 %	

Frå intervjudelen av undersøkinga veit vi at mange har merksemd på energibruken, men berre eit fåtall seier at dei aktivt følgjer opp forbruket og fører fortløpande statistikk (sjå kap. 2.4). På dette området kan mange, med relativt liten innsats og liten kostnad, oppnå store energigevinstar, både gjennom betre rutinar for oppfølging av energibruken, og større kunnskap om kor ein bør prioritere innsatsen.

3.11 Inneklima og inventar

3.11.1 Registrering og analyse av inneklimaet

«Blir inneklima registrert og analysert (fukt/temperatur)?»

Dette spørsmålet blei besvart for dei same 81 kyrkjene som ovanfor. Svarfordelinga framgår av tabell 13.

Tabell 13 "Blir inneklima registrert og analysert?". 81 kyrkjer.

	Tal kyrkjer	Prosent	Merknad
Ja	15	19 %	
Ja/nei	2	2 %	
Nei	64	79 %	

Også her kan vi ut frå intervjudelen slutte at inneklimaet har lite merksemd blant forvaltarane – endå mindre enn straumforbruket. Ein viktig årsak er nok at dei færreste har problem med inneklimaet, bortsett frå lett forklarlege og forbigåande problem ved arrangement eller låg utetemperatur (sjå kap. 3.11.2). Likevel er det ein viktig parameter for eit godt bevaringsmiljø å regulere temperaturen slik at relativ fuktighet i hovudsak held seg innanfor RF = 40 – 60 %. Dette gjeld både sommar og vinter.

3.11.2 Klager på inneklimaet

«Er det klager på inneklimaet? Hvis ja: Kva, kor, når?»

Dette spørsmålet gjeld korleis personar oppfattar inneklimaet i kyrkja. Spørsmålet blei besvart for 66 kyrkjer, med svarfordelinga som vist i tabell 14.

Tabell 14 "Er det klager på inneklimaet?" 66 kyrkjer.

	Tal kyrkjer	Prosent	Merknad
Ja	16	24 %	Konkrete problem som er nemnt: <ul style="list-style-type: none"> • For høg temperatur når kyrkja er full • For låg temperatur ved sterk kulde og vind • Strålevarme frå taket gir for sterk varme på hovudet
Lite	1	2 %	Problem «på kalde vinterdagar med vind»
Nei	49	74 %	

Det manglar svar for 19 kyrkjer. Ein må rekne med at dei fleste av desse ikkje har registrert problem med inneklimaet. Dersom vi legg desse til nei-delen, vil den auke til 68 av 85 kyrkjer, eller 80 %.

3.11.3 Skadar på maling/overflater på grunn av inneklimaet

«Er det oppsprekking/flassing på inventar; problem med orgel? I så fall kva?»

Dette spørsmålet gjeld bevaringsklimaet for interiør og inventar, altså det langsiktige inneklimaet styrt av temperatur og relativ fuktigheit.

Spørsmålet blei besvart for 70 kyrkjer, med svarfordeling som vist i tabell 15.

Tabell 15 "Er det oppsprekking/flassing på inventar; problem med orgel?". 70 kyrkjer.

	Tal kyrkjer	Prosent	Merknad
Ja	13	19 %	Konkrete problem som er nemnt: <ul style="list-style-type: none"> • For tørr luft for orgel ved fyring. Kan føre til ulyd. • Kondensproblem med el-orgel • Betydelege problem rundt varmpumpe • Problem med flassing av maling og murkalk • Oppsprekking av maling og treverk, m.a. berestolpar • Problem med flassing. Blitt mykje betre etter at temp. er justert ned.
Tja	1	2 %	«Tja, tidvis klager fra organist. Hevder stemming er vanskelig ved store temperatursvingninger.»
Problemet løyst	1	2 %	«Sprekkinga har stoppa sidan vi senka kviletemperaturen.»
Nei	55	74 %	

Også her er det grunn til å tru at dei 15 kyrkjene som ikkje har svart heller ikkje har registrert vesentlege problem. Dersom vi legg desse til nei-delen, vil den auke til 70 av 85 kyrkjer, eller 82 %.

3.12 Behov for nye varmeanlegg

«Er det behov for ny oppvarming?»

Svarfordelinga er vist i tabell 16.

Tabell 16 "Er det behov for ny oppvarming?" 62 kyrkjer.

	Tal kyrkjer	Prosent	Kva løysing er tenkt?
Ja	18	29 %	<ul style="list-style-type: none"> • Nytt straumstyringsanlegg (SD-anlegg) • Varmepumpe • Benkevarmarar • Varmevekslar knytt til eksisterande varmpumpe
Usikker/ delvis	4	6 %	
Nei	40	65 %	

22 av kyrkjene svarte ja eller var usikre på om det var behov for nytt varmeanlegg. Det utgjør 26 % av dei 85 kyrkjene. Resten av kyrkjene (74 %) må reknast å ha tilstrekkeleg gode varmeanlegg.

For å belyse aktuelle oppvarmingsmetodar, var det i registreringskjemaet spørsmål om ein såg for seg stolar eller benkar i kyrkja i framtida, og i tilfelle kor mange lengdemeter benk som var aktuelt. Dette for å klargjere om det var aktuelt å bruke benkevarmarar, eller om ein måtte vurdere andre løysingar.

For 41 av dei 85 kyrkjene (48 %) blei det konkret svart benkar, medan 4 (5 %) svarte stolar. For resten av kyrkjene var det anten ikkje svart, eller svara var uklåre. I røynda vil nok benkar vere mest aktuelt i dei fleste kyrkjene i Møre.

3.13 Aktuelle enøk-tiltak

Til slutt i registreringskjemaet vart kyrkjevevane bedne om å kome med forslag til forbetringar og tiltak i den einskilde kyrkja. Dette spørsmålet blei besvart for 39 av kyrkjene. For tiltak i den einskilde kyrkja, viser ein til vedlegg 5.

Følgjande tiltak var nemnt av fleire:

- Varmepumper, særleg til å halde ein grunntemperatur
- Sonedeling av kyrkja
- Ekstra termostatar i kyrkja
- Nattsinking
- Straumstyringsanlegg (SD-anlegg)
- Vannboren varme
- Nye benkevarmarar
- Isolering og tetting av bygninga, varevindauge
- Skifte til LED-lys

3.14 Oppsummering av enøk-kartlegginga

3.14.1 Datagrunnlag og rapportering

Som nemnt i kap. 1.4 gjekk det relativt greitt å få inn enøk-skjema for om lag 1/3 av kyrkjene. I løpet av 2018 hadde ein fått inn skjema frå 75 % av fellesråda, som til saman forvalta 75 % av kyrkjene. Etter dei regionale samlingane i mars 2019 kom det inn fleire feilrettingar og nye data, og dei siste opplysningane blei registrert i juni 2019.

Utfyllinga av skjemaa var av varierende kvalitet og delvis mangelfull. Det kan vere inhomogenitetar i svara på grunn av ulik tolking av enkelte spørsmål, og det kan vere spørsmål som ikkje er utfylt. Framfor å operere med kategorien «ikkje svart», har ein i rapporten valt å rekne ut tal og prosentar basert på dei kyrkjene som faktisk har utfylte data på kvart spørsmål. Stort sett er dette talet stort nok til å gi eit tilfredsstillande bilete av situasjonen.

3.14.2 Kort oppsummering av resultatata

Vi kan kort summere opp resultatata av enøk-registreringane i kyrkjene slik:

1. Vi starta (kap. 3.2) med å undersøke i kva grad dei registrerte kyrkjene var representative for alle kyrkjene i Møre. Overordna blei det konkludert med at kyrkjene var godt representative, både med omsyn til geografisk spreing (prosti), alder og vernestatus og byggemateriale.
2. I kap. 3.3 blei det presentert «rådata» for oppvarma areal i kyrkjene, oppvarma volum i kyrkjerommet og installert oppvarmingseffekt i kyrkjerommet.
3. Oppvarmingseffekt pr. kubikkmeter volum i kyrkjeromma vart berekna og presentert i kap. 3.4. KA si anbefaling er at denne effekten bør ligge i området 27-35 kW/m³ for å få eit godt bevaringsklima i kyrkja. Tre av fire kyrkjer har lågare installert effekt enn dette
4. Kap. 3.5 tok for seg kviletemperatur, brukstemperatur, oppvarmingstid og oppvarmingshastigheit i kvar kyrkje. Det viste seg å vere lite samvariasjon mellom desse parametrane. Kyrkjer med lite bruk kunne ha relativt høg kviletemperatur og omvendt, og oppvarmingstida stod ikkje i forhold til temperaturskilnaden mellom kviletemperatur og brukstemperatur.
5. Kap. 3.6 tok for seg oppvarmingstid og oppvarmingshastigheit i høve til installert varmeeffekt pr. kubikkmeter i kyrkjerommet. Sjølv om det kunne sporast ein svak samanheng mellom høg effekt og kort oppvarmingstid, var dette meir unnatak enn regel.
6. Energiforbruket i kyrkjene var tema for kap. 3.7. Datamaterialet for åra 2013-2017 viste relativt stabilt graddagskorrigert energiforbruk gjennom heile perioden. For 2017 blei samla forbruk for alle kyrkjene i Møre stipulert til 7,2 GWh, og energiforbruket i kvar kyrkje blei vist.
7. Forbruket pr. kvadratmeter oppvarma areal i 2017 blei berekna for kvar kyrkje i kap. 3.8. Gjennomsnittleg energiforbruk låg på om lag 200 kWh pr. kvadratmeter, som er ca. 18 % under landsgjennomsnittet.
8. Energiforbruket i høve til aktiviteten i kyrkjene blei vurdert i kap. 3.9. Tendensen er at små kyrkjer med lite bruk har eit relativt høgt energiforbruk pr. aktivitet, men generelt er det lite samsvar mellom aktivitetsnivå og energiforbruk. Det same biletet gjer seg gjeldande om vi reknar om aktivitetane til brukstimar. I gjennomsnitt blei det brukt nærare 1000 kWh pr. aktivitet, eller om lag 250 kWh pr. brukstime.

9. I kap. 3.10 såg vi på kva typar varmeanlegg det er i kyrkjene. 80 % av kyrkjene har varmeomnar i form av røyromnar, benkevarmarar eller panelomnar. Resten er vannborne anlegg og/eller varmepumper, som meir og meir blir tekne i bruk. Det er framleis ein stor del manuell varmestyring, men nærare 30 % av kyrkjene har fått fjernstyring/SD-anlegg. Berre halvparten oppgir at dei registrerer og analyserer straumforbruket regelmessig.
10. Kap. 3.11 tok for seg inneklima og inventar. Berre 19 % seier at dei registrerer og analyserer inneklimaet regelmessig. I kvar fjerde kyrkje er det registrert klager på inneklimaet, og i kvar femte kyrkje har ein problem med interiør og inventar, m.a. med orgel.
11. Kap. 3.12 viser at om lag kvar fjerde kyrkje har behov for nytt varmeanlegg. Strengare klimapolitikk vil truleg føre til at fleire vil måtte vurdere å skifte varmeanlegg.

4 Vegene vidare

Kor går vegene vidare for enøk-prosjektet, og korleis kan vi dra best mogeleg nytte av resultatane frå enøk-kartlegginga? Det er særleg tre partar som er sentrale i dette arbeidet, og som på kvar sin måte kan bidra til å realisere måla for prosjektet. Det er bispedømet, prosjektgruppa og dei kyrkjelege fellesråda/kyrkjeverjene.

4.1 Kva kan bispedømet gjere?

Bispedømerådet er initiativtakar til enøk-prosjektet i Møre, saman med kyrkjeverjelaget og KA. Bispedømerådet eig ikkje sjølv kyrkjer, men kan vere ein sterk pådrivar og inspirator for kyrkja si klimasatsing lokalt.

«Klimamelding for Den norske kirke» inneheld følgjande liste over hovudfokus framover for bispedøma:

1. Ha kritisk fokus på eigen reiseverksemd
2. Etablere og utvikle gode rutinar for bruk av videokonferansar
3. Kontinuerleg etterspørje engasjement på dette arbeidsfeltet lokalt, m.a. ved visitasar og gjennom prostane
4. Etablere og synleggjere bispedømet sin ansvarlege kontaktperson for arbeid på feltet
5. Etablere og drifte ei ressursgruppe for arbeidet
6. Rettleie, motivere og samordne kyrkjelydane og fellesråda i bispedømmet
7. Etablere og pleie kontakt med Kyrkerådet og sentrale samarbeidspartnarar
8. Rapportere arbeidet til Miljøfyrtårn og i bispedømet si årsmelding

Flere av desse punkta er relevante for oppfølginga av enøk-prosjektet, spesielt å etterspørje engasjement i samband med visitasar, utpeike ein enøk-ansvarleg kontaktperson som kan rettlege kyrkjelydane og fellesråda og samordne innsatsen, samt å rapportere om arbeidet i bispedømet si årsmelding.

Meir informasjon – og inspirasjon – finn ein i klimameldinga:

https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2015/januar/kirkens_klimamelding_januar_2015.pdf

4.2 Kva kan prosjektgruppa gjere?

Prosjektgruppa vil arbeide vidare etter prosjektplanen som er presentert i kap. 1.3. Gjennom hausten 2019 og våren 2020 tek prosjektgruppa sikte på å gjennomføre følgjande aktiviteter:

- Offentleggjere rapporten frå enøk-undersøkingane
- Følgje opp dei tre pilotprosjekta i Vanylven, Haram og Tingvoll
- Følgje opp andre fellesråd i Møre som ønskjer teknisk og administrativ rådgjeving
- Utvikle ressursmateriell og ressursside på Kirkebakken
- Marknadsføre prosjektet i ulike fora
- Gjennomføre nye regionale samlingar i 2020

4.3 Kva kan dei kyrkjelege fellesråda gjere?

Det er no jobben startar for fellesråda! Dei regionale samlingane for kyrkjevevjer og driftspersonell som vart gjennomført på Tingvoll, i Molde og i Ålesund i mars 2019, viste at det var stor interesse for å kome vidare med enøk-arbeidet lokalt. Prosjektgruppa vil gjerne bidra i slike prosessar.

Lokalt kan ein til dømes gjennomføre ein benchmarkingprosess for sine kyrkjer. Benchmarking betyr at ein samanliknar eigne resultat med «beste praksis» for å kunne forbetre eigne ytingar.

Benchmarking eignar seg t.d. godt for fleire aktørar som vil samarbeide om å gjere kvarandre gode.

Ein benchmarkingproses kan delast inn i tre hovudfasar:

1. **Førebuing.** Fastsette mål, definere metode og velje benchmarkingpartner(ar).
2. **Samanlikning.** Samle og analysere data, identifisere avvik frå ønska situasjon og drøfte funn.
3. **Forbetring.** Utarbeide handlingsplan, sette planen i verk og evaluere resultatet.

Ved benchmarking er det viktig at ein samanliknar prosessar og ytingar som er samanliknbare, og her kan tabellane og figurane i enøk-rapporten være til hjelp. Ein må da ikkje berre sjå på ein einskild figur eller tabell, men bruke heile datatilfanget til å skape eit mest mogeleg detaljert bilete at situasjonen for sine kyrkjer og ut frå dette vurdere kva som er realistisk å oppnå av endringar og resultat. Ei god øving er å prøve å finne kyrkjer som er av same storleik, type og bruksmønster som eins eigne, og samanlikne desse med eins eigne kyrkjer gjennom kvart delkapittel i kap. 3.

Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide

Kartleggingsintervju om enøk – fellestråd

....., kyrkjevevje i fellestråd. Dato for intervju: Intervjuar:

1. Formalia

Har vi rett namn, telefon og e-postadresse til kyrkjevevja (jf. adresseliste)?

Svar:

2. Status i høve til «grøn kyrkjelyd»

Er nokre av sokna registrert som grøn kyrkjelyd/grønn menighet?

Svar:

3. Energiregistreringar

Ligg det føre data for energiforbruket i kyrkjene t.d. frå det lokale nettselskapet eller elles? (Kva for type statistikk? Detaljeringsgrad og tidsperiode? På elektronisk eller manuell form?)

Svar:

4. Status for enøk-arbeidet

Er det gjort spesielle vedtak om enøk-arbeidet i fellestrådet (planar, organisering)?

Svar:

5. Gjennomførte tekniske tiltak

Er det gjennomført tekniske enøk-tiltak i nokre av kyrkjene (t.d. montert web-basert anlegg for varmestyring, skifta til LED-lys ute/inne, utført tilleggsisolering/tetting)?

Svar:

6. Straumtariffar

Kva for type strumtariffar er i bruk? Har det vore kontakt med lokalt nettselskap om alternative tariffar (t.d. avrekning etter energiforbruk i staden for effekt) eller andre tiltak som kan redusere energikostnadane? (Dei som ikkje er sikre kan sende inn siste strumfaktura for analyse.)

Svar:

7. Administrative tiltak – driftsrutinar

Er det innført instruksar eller rutinar for brukstilpassa oppvarming av kyrkjene (t.d. for helg, kvardag, årstid og ulike arrangement)? Kven har ansvar for å følgje opp rutineane?

Svar:

8. Planar og ønskje

Ligg det føre planar om innføring av nye rutinar for brukstilpassa oppvarming eller for investering i nye tekniske enøk-tiltak? Kva kan eventuelt enøk-prosjektet i Møre bidra med?

Svar:

9. Finansiering

Er det gitt støtte til enøk-tiltak gjennom ENOVA, bankar, forsikringsselskap/KNIF, kommunen eller den statlege rentekompensasjonsordninga? Er det aktuelt å søke slik støtte til nye tiltak, eventuelt i samarbeid med enøk-prosjektet i Møre?

Svar:

10. Lokal enøk-ansvarleg

Kven i din organisasjon kan vere enøk-ansvarleg innan ditt fellestråd (ein eller fleire; tilsette eller frivillige)? Slike ressurspersonar vil vi også invitere som deltakarar i enøk-prosjektet.

Svar:

Vedlegg 2: Adresseliste for kyrkjeværjane i Møre

Oppdatert pr. 1. juli 2019

Fellesråd	Kyrkjeværje	Telefon	Mobil	E-post
Aure	Judith Bjørk	71 64 62 51	92435280	judith@aukeyrkje.no
Averøy	Kristian Futsæter	71 51 46 46	45879087	kirkevergen@kirkeniaveroy.no
Eide	Anne-Lise Johnsen	71 29 61 84	41248664	kirkeverge@eidemenighet.no
Halsa	Anne Strand (konst.)		90585564	anne.strand@halsa.kommune.no
Kristiansund	Mildrid Fiske	71 57 51 90	91561657	mildrid.fiske@kristiansund.kommune.no
Smøla	Judy Rangnes	71 54 46 27	90672144	judy.rangnes@smola.kommune.no
Gjemnes	Aud Toril Gagnat	71 29 12 90	95111081	aud.toril.gagnat@gjemnes.kommune.no
Rindal	Ingeborg Nordlund	71 65 70 60	91165552	ingeborg.nordlund@rindal.kirken.no
Rindal	Jan Brødreskift		40444749	jan.brodreskift@rindal.kirken.no
St. og Surnadal	Ingeborg Nordlund	71 65 70 60	91165552	ingeborg.nordlund@surnadal.kyrkja.no
Sunndal	Stig Rune Andreassen	71 69 23 00	95129136	stig@sunndal-kirke.no
Tingvoll	Marit Linberg	71 53 01 23	90927652	marit.linberg@kirken.tingvoll.no
Aukra	Frank Harald Vestad	71 17 15 40	90680283	frank.harald.vestad@aukra.kommune.no
Fræna	Harald Ednar Hagen	71 26 66 70	41147857	harald.ednar.hagen@frana.kommune.no
Midsund	Svanaug Lervik	71 27 05 10	97780114	svanaug.lervik@midsund.kommune.no
Molde	Hans Jakob Nes	71 11 14 75	90184278	hans.jakob.nes@molde.kommune.no
Sandøy	Heidi Elin Viken	71 27 75 11	91392025	kyrkja@sandoy.kommune.no
Sandøy	Harøy krk.: Kjell Faksvåg		40405310	kfaksvag@broadpark.no
Sandøy	Sandøy krk.: Ingvar Sandøy		95808276	isandoey@online.no
Neset	Kjell Roger Gammelseter	71 23 14 55	95221310	kjell.roger.gammelseter@nesset.kirken.no
Rauma	Magny Landre	71 22 74 70	47297247	kirkeverge@rauma.kirken.no
Vestnes	Olav Egil Tomren	71 18 42 35	91629416	olav.tomren@vestnes.kommune.no
Giske	Turid Urkedal Valderhaug	70 18 80 42	45065380	tuva@giske.kommune.no
Haram	Jan Dalhaug	70 20 93 70		jada@haram.kyrkja.no
Sula	Jan Erik Hovland	70 19 96 00	90502658	jan.erik.hovland@sula.kommune.no
Ålesund	Svein Rune Johannessen	70 16 53 00	95557510	kirkevergen@kirken-aalesund.no
Ålesund	Driftsleder Geir Aure	70 16 53 00	41540657	geir.aure@kirken-aalesund.no
Storfjorden	Petra Riste Synnes	70 27 27 50	40441527	kyrkjevrje@storfjorden.kyrkja.no
Storfjorden	Driftsleiar Arnstein Sætre		47175465	radgjevar.skodje@storfjorden.kyrkja.no
Sykkylven	Arild Sporsheim	70 24 69 00	99629130	kyrkjevrje@sykkylven.kyrkja.no
Hareid	Bente Andreassen Pilskog	70 09 51 34		bente.pilskog@hareid.kommune.no
Herøy	Marit Sævik Leinebø	70 08 02 60		kyrkjevrja@heroy-kyrkje.no
Sande	Dorthe Mari Nordahl	70 02 64 80		dnksande@sande-mr.kommune.no
Ulstein	Christfried Kaul	70 01 76 80	46693099	ck563@kyrkja.no
Vanylven	Målfrid Støvreide	70 02 21 60	97065075	ms828@kyrkja.no
Volda	Jostein Stråbø	70 07 40 90		kyrkjevrja@volda.kyrkja.no
Ørsta	Arnstein Myklebust	70 04 86 40		arnstein.myklebust@orsta.kyrkja.no

Vedlegg 3: Enøk-intervju – samletabell

Spm. 1	Prosti	Inter- vjuar	Dato for intervju	Kyrkjeverje evt. kontaktperson som vart intervju
Fellesråd				
Aure	Yt No	ML	30.08.18	Judith Bjørk
Averøy	Yt No	ML	03.09.18	Kristian Futsæter
Eide	Yt No	ML	03.09.18	Anne-Lise Johnsen
Halsa	Yt No	ML	04.09.18	Anne Strand (konst.)
Kristiansund	Yt No	ML	04.09.18	Mildrid Fiske
Smøla	Yt No	ML	30.08.18	Judy Rangnes
Gjemnes	In No	ML	23.08.18	Aud Toril Gagnat
Rindal	In No	ML	03.09.18	Ingeborg Nordlund
Stangvik og Surnadal	In No	ML	03.09.18	Ingeborg Nordlund
Sunndal	In No	ML	24.08.18	Stig Rune Andreassen
Tingvoll	In No	ML	24.08.18	Marit Linberg
Aukra	Domk	PFB	17.08.18	Frank Harald Vestad
Fræna	Domk	PFB	16.08.18	Harald Ednar Hagen
Midsund	Domk	PFB	15.08.18	Svanaug Lervik
Molde	Domk	PFB	xx.08.18	Hans Jakob Nes
Sandøy	Domk	PFB	21.08.18	Heidi Elin Viken Kontaktperson Harøy krk.: Kjell Faksvåg Kontaktperson Sandøy krk.: Ingvar Sandøy
Neset	In Ro	PFB	20.08.18	Kjell Roger Gammelseter
Rauma	In Ro	PFB	22.08.18	Magny Landre
Vestnes	In Ro	PFB	21.08.18	Olav Egil Tomren
Giske	No Su	MIM	21.08.18	Turid Urkedal Valderhaug
Haram	No Su	MIM	21.08.18	Jan Dalhaug
Sula	No Su	MIM	21.08.18	Jan Erik Hovland
Ålesund	No Su	MIM	23.08.18	Driftsleiar Geir Aure blei intervju. (Kyrkjeverje er Svein Rune Johannessen)
Storfjorden	Au Su	MIM	27.08.18	Petra Riste Synnes og driftsleiar Arnstein Sætre
Sykkylven	Au Su	MIM	21.08.18	Arlid Sporsheim
Hareid	Sø Su	MIM	22.08.18	Bente Andreassen Pilskog
Herøy	Sø Su	MIM	22.08.18	Marit Sævik Leinebø
Sande	Sø Su	MIM	21.08.18	Dorthe Mari Nordahl
Ulstein	Sø Su	MIM	21.08.18	Christfried Kaul
Vanylven	Sø Su	MIM	21.08.18	Målfrid Støvreide
Volda	Sø Su	MIM	28.08.18	Jostein Stråbø
Ørsta	Sø Su	MIM	22.08.18	Arnstein Myklebust

Spm. 2	Status i høve til «grøn kyrkjelyd» Er nokre av sokna registrert som grøn kyrkjelyd / grønn menighet?
Aure	Nei
Averøy	Nei
Eide	Nei
Halsa	<i>Merknad: Halsa sokn går over i Orkland prosti i desember 2019. Derfor ikkje aktuelt å vere med no.</i>
Kristiansund	Ja, to menigheter; Nordlandet og Kristiansund
Smøla	Nei, ingen av de tre menighetene (to kirker i et sokn)
Gjemnes	Nei, men har fokus på det likevel. Ikkje kyrkjelydshus og derfor passar ikkje dette for oss.
Rindal	Nei
Stangvik og Surnadal	Nei
Sunndal	Nei
Tingvoll	Ja, Straumsnes sokn
Aukra	Nei. Arbeid i gang for dette.
Fræna	Nei.
Midsund	Berre eitt sokn. Ikkje registrert som grøn kyrkjelyd.
Molde	Molde og Bolsøy
Sandøy	Nei
Neset	Nei
Rauma	Ikkje formalisert i kyrkjelydane, men noko aktivitet i regi av diakontenesta.
Vestnes	Vestnes sokn grøn kyrkjelyd frå 2017. Øvrige avventer.
Giske	Nei. Men vi driv med enkel kjeldesortering.
Haram	Ingen. Haram sokneråd har diskutert litt. Men det er t.d. ei utfordring å ikkje kunne bruke eingongsbestikk/-service når det manglar oppvaskmoglegheiter.
Sula	Nei
Ålesund	Ja, Borgund (men lite aktivitet)
Storfjorden	Nei. (Ørskog var med tidlegare)
Sykkylven	Nei, men har det på dagsorden
Hareid	Nei, diverre
Herøy	Nei
Sande	Ja, Sande og Gursken m/Larsnes
Ulstein	Ja, men lenge sidan
Vanylven	Nei
Volda	Ja, Volda
Ørsta	Ja, alle 4 er grøne

Spm. 3	Energiregistreringar Ligg det føre data for energiforbruket i kyrkjene t.d. frå det lokale nettselskapet eller elles?
Aure	Ja, kan hente ut frå Min side
Averøy	Ja
Eide	Nei, vi bruker det ikke
Halsa	-
Kristiansund	Det kan vi hente frå Min side, nettleverandør Neas.
Smøla	Kirkevergen er opptatt av dette, men ikkje menighetene, noe fellesrådet.
Gjemnes	Gjennom Istad kraft kan vi ta ut lister over energiforbruket. Dette bruker vi aktivt for å følgje med energiforbruket.
Rindal	Ja, elektronisk hentet fra Svorka
Stangvik og Surnadal	Ja, elektronisk hentet fra Svorka
Sunddal	Ja, det kan hentes fra nettselskapet. Statistikk legges fram for fellesrådet en gang i året.
Tingvoll	Ja, vi kan hente frå nettselskapet.
Aukra	Istad Kraft har statistikk (for kyrkja og kyrkjelydshuset – 2 målarar)
Fræna	Kommunen/rekneskapskontoret har aktuelle oversiktar.
Midsund	Data ligg på Min Side hos Istad Kraft. Har to kyrkjer, kommunen betaler for straumforbruket. <i>NB! Kommunesammenslåing Midsund – Nesset – Molde frå 01.01.2020.</i>
Molde	Har statistikk
Sandøy	Ja. Kraftleverandør: Sandøy energi. Rekneskapsfører sit i Ålesund. <i>NB! Blir del av nye Ålesund kommune frå 01.01.2020</i>
Nesset	Ref: Nesset Kraft. Statistikk ikkje kjent. Nyleg installert nye straum-målarar.
Rauma	Har statistikk. Evt komme tilbake til detaljering etc.
Vestnes	Nordvestnett: Kyrkjene har heimesider der. Finst omfattande statistikk.
Giske	Har nyleg skifta leverandør frå Tafjord til LOS (kommunal avtale). Mista da litt av historikken.
Haram	Sjekkar fakturaene som kjem inn. Men har ikkje total oversikt.
Sula	Ikkje noko systematisk
Ålesund	Varierende, men kan hente forbruksdata. ÅKF har mange bygg (krematorium, gravkapell, menighetshus).
Storfjorden	Fører eigen statistikk i excel, pr. måned eller kvartal.
Sykkylven	Berre omsnakka. Veit omtrent årsforbruket (350.000 kWh). Same leverandør som kommunen.
Hareid	Sjå vedlagte rapport «energieffektiv og miljøriktig drift» utarbeidd av Ulf Christensen, i høve planar om nytt varmesystem i Hareid kyrkje.
Herøy	Følgjer berre opp faktura. Leverandør: Fjordkraft via Herøy kommune
Sande	Nei. Alle har fått nye straummålarar. Registrerer årsforbruket. Avtale gjennom kommunen: Mørenett + Tussa Kraft
Ulstein	Følgjer berre opp fakturaen. Leverandør: Fjordkraft
Vanylven	Ja. Leverandør: Tussa kraft? Styret leverandør sjølv.
